



SONGLAGET
BUL I OSLO • 1914



BONDEUNGDOMSLAGET
I OSLO



TEATERLAGET
I BONDEUNGDOMSLAGET • OSLO



ÅRSMELDINGAR SÆRLAG, NEMNDER OG RÅD



2024



INNHALD

SÆRLAG/NEMND	SIDE
Leikarringen	3
Songlaget	16
Idrottslaget	29
Målnemnda	56
Røkleivhytta	58
Bondehytta	59
Rådet	60
Teaterlaget	61

ÅRSMELDING 2024 FOR LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

1. Melding frå styret i Leikarringen	1
1.1 Styret i Leikarringen 2024	1
1.2 Årsmøtet.....	2
1.3 Styrearbeid.....	2
1.6 Medlemsstatistikk.....	3
1.7 Økonomi.....	4
2. Dansegruppene.....	4
2.1 Endring i øvingstider	4
2.2 Tysdagsøvinga	4
2.3 BULder og Brak.....	6
2.4 Songdansgruppa.....	6
2.5 Søndansen	6
2.6 Grunnkurs.....	7
2.7 Framsyningsring/fordjupingsring.....	7
2.8 Myretrill.....	7
3. Samarbeid med andre.....	8
4. Kven Veit?.....	8
5. Oppdrag.....	8
6. Arrangement.....	8
6.1 17. mai.....	8
6.2 Lønningspols og Nordisk dansekveld	9
7. Kappleiksdeltaking.....	9
7.1 Landskappleiken	9
7.2 Oslokappleiken.....	10
7.3 Framsyningskappleiken på NORDLEK	11
8. Turar.....	11
9. Innkjøp	11
10. Melding frå Rådet.....	12
11. Melding frå Bunadsnemnda	12

1. Melding frå styret i Leikarringen

1.1 Styret i Leikarringen 2024

Leiar:	Torbjørn Bergwitz Lauen
Nestleiar:	Elise Birgitte Haugsten Thomassen
Styremedlem:	Ragnhild Holen (skrivar)
Styremedlem:	Ane Magrete Valseth (kassastyrar)
Styremedlem:	Hallvard Øfstaas (vår) / Vebjørn Jøtun Fauske (haust)
1. varamedlem:	Nikolai Storevik

2. varamedlem: Ingeborg Bjørnseth Revheim

1.2 Årsmøtet

Årsmøtet vart halde i lagsrommet tysdag 27. februar. 2024. 19 medlemmar deltok med røysterett frå møtestart (3 digitalt). I tillegg deltok 2 utan røysterett. 7 medlemmar kom til i løpet av møtet, slik at ved sak 7 var det 26 medlemmar til stades med røysterett.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt 8 ordinære styremøte på lagskontoret i løpet av året. I tillegg har styret hatt to lengre styreseminar, eit like etter årsmøtet og eit på hausten. Det har òg vore utstrakt kontakt via Messenger og Spond. Synnøve Bryde har saman med kasserar Ane Magrete Valseth utgjort økonominemnda, som er ei ny vinning av året.

1.4 Utmerkingar

Simon Hesselberg Løvald fekk tildelt heidermerket for langvarig og framifrå innsats for Leikarringen. Tildeling blei gjennomført på Landskappleiken, og er det 86. heidersmerket som har blitt tildelt.

Leikarringen blei i haust nominert til Folkelarm-prisen Årets Arrangør, og greidde å nå opp som éin av tre finalistar saman med Riksscenen/Tuvas Blodklubb og Gorrlaus i Stavanger. Til slutt viste det seg at det var Riksscenen/Tuvas Blodklubb som gjekk av med sigeren, vel fortent! Det var ei stor ære å bli nominert, og ende opp mellom finalistane. Det er triveleg å vite at arbeidet vårt blir lagt merke til og satt pris på.

1.5 Kurs og opplæring

Styret handsama 10 søknadar om støtte i 2024, og alle blei innvilga:

Anbjørg M. Bergwitz	Instruktørkurs i Oslo
Anbjørg M. Bergwitz	Dommarkurs
Audun Grüner-Hegge	Instruktørkurs i Oslo
Celine Jensen	Storhelg i Hallingdal
Hanna Løken	Instruktørkurs i Oslo
Marte Gjerde	Klara Semb-seminar i Trondheim
Signe Stålegård	NORDLEK 2024 i Arendal
Synnøve Bryde	SAFFA-kurset på Lillestrøm
Synnøve Bryde	Vaffelrøre-støtte til Bondehyttatur
Åsne M. Refsum	NORDLEK 2024 i Arendal

Nytt av året var at me fekk 100 000 kroner i støtte frå *Akademifondet til framhjelp for norsk kulturreising* for å gjennomføre eit større instruktørprosjekt, *Gje veg for dei nye rettleiarane*, som går frå hausten 2024 til sommaren 2025, med mål om å kunne vidareføre prosjektet over tid. Åsne Mjelde Refsum har fått oppgåva som prosjektkoordinator, og Vegar Vårdal er hovudmentor for deltakarane. Kurset blir på folkemunne kalla *Kurshaldarkurset*.

Hausten bli brukt til å skape eit kursmiljø, etablere samarbeid med andre folkedanslag og jobbe med utforminga av kurset. Målsettinga med kurset har vore å utvikle nye danseinstruktørar og gjere dei trygge i dansen, og gi dei eigarskap og kunnskap til å sjølv kunne halde dansekurs med

eigen pedagogikk. Kurset har vore delt i tre ulike nivå, og deltakarane har sjølv kunne velje kor mykje dei ønskte å vere med på:

- **Nivå 1:** Ope for alle som ønskte å vere med, med fokus på grunnleggande instruktørkunnskap. Dei blei skipa to kurskveldar på nivå 1, og dei fungerte som start og slutt for haustsemesteret.
- **Nivå 2:** Tre kveldssamlingar i løpet av hausten der me gjekk i djupna på teknikk og pedagogiske tilnærmingar.
- **Nivå 3:** I tillegg til dei fem samlingane på nivå 1 og 2, fekk delatakarane på nivå 3 instruere hos ulike danselag, samtidig som hovudmentor observerte dei og gav personlege tilbakemeldingar. Erfaringane blei delt, diskutert og vidareutvikla på kveldssamlingane på nivå 1 og 2.

For å få til nivå 3 fullt ut har har me samarbeidd med Hallinglaget, Numedalslaget, Folkemuseets dansegruppe og Leikarringen Frøy.

Hausten 2024 var det 17 deltakarar med på prosjektet, hovudsakleg medlemmar i Leikarringen, men me opna òg for at spirande instruktørar frå samarbeidslaga kunne vere med. Frå Leikarringen Frøy var det fire som deltok, og to frå Folkemuseets dansegruppe.

Det har vore ei vellukka start på prosjektet, med gode tilbakemeldingar frå både våre eigne og frå samarbeidslaga. Hausten har danna eit godt grunnlag for kurset, og både mentor og koordinator har lært mykje som dei tek med seg til våren og eventuelle vidare kursopplegg.

1.6 Medlemsstatistikk

Pr. 31.12.24 hadde Leikarringen 260 medlemmar i alder 1 til 91. Av desse var 33 honnørmedlemmar. Dette er ei auke på 37 medlemmar samanlikna med 2023. Me har fått 60 nyinnmeldingar i 2024. Ruth Amdahl og Edvard Lauen er heidersmedlemmar i hovudlaget.

Medlemssamansettinga syner jamn fordeling i alder med ein overvekt medlemmar i tjuåra. Kjønnbalansen viser 168 kvinner, 89 menn og 2 som ikkje definerar seg slik.

	0-9	10-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70-79	80-89	90-99
2024	2	27	105	40	16	25	11	22	11	1
2023	1	25	92	29	15	20	12	15	12	1

Medlemsutvikling dei siste 10 åra:

2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
260	222	163	144	122 (+ 21)	124	116 (+12 barn)	104	114	112	98

				under 18 år)	(+ 16 under 18 år)					
--	--	--	--	-----------------	--------------------------	--	--	--	--	--

1.7 Økonomi

2024 har vore eit år med høg aktivitet i Leikarringen, som har ført til både auka inntekter og auka utgifter. Auka medlemsmasse og deltaking på øvingar har gitt auka inntekter i fotskatt og medlemsavgift. Styret har i tillegg delegert koordineringa av danseoppdrag vidare til medlemmar, som har gitt oss ytterlegare inntekter. For å nemne noko, har vi oppdratt på skogfinnenes dag, opning av kulturarenakonferansen og for turistar på cruiseskip. Vi har i år, som i fjor, vidareført moglegheit for støtte til medlemmar som ønskjer å dra på kurs. Dette vil vi gjerne fortsetje med. Den største sosiale utgifta har vore knytt til NORDLEK, der Leikarringen betalte for overnatting og deltakaravgift. Dette gav moglegheit for at fleire medlemmar kunne delta. Støtte frå Akademifondet har gitt oss moglegheit til å arrangere kurshaldarkurs, og skissere opp ein modell for korleis vi kan styrke interne instruktørar i ringen. Alle dessa midlane blei utbetalt i 2024, men utgiftene blir fordelt mellom 2024 og 2025.

2024 har òg vore eit år for investeringar for Leikarringen. Endeleg har BULder & Brak fått airtrack på øving! Vi har digitalisert gamle videoar, reparert ei langeleik og kjøpt inn nytt høgtalarutstyr til 17.mai. Dette er store utgiftspostar i årets rekneskap, men vil gi oss glede i mange år framover.

2. Dansegruppene

Me har hatt stor aktivitet i Leikarringen i 2024. I tillegg til alle øvingane i dei ulike gruppene har me hatt to store felles samkomer. Det var sommaravslutning på Kaffistova 4. juni, og juleavslutninga 10. desember i Teatersalen. Det er særleg gledeleg at me får stadig større oppslutnad om desse to felles samkomene frå både dei yngste og eldste.

2.1 Endring i øvingstider

I 2024 har me gjort fleire endringar og grep for å tilpasse oss den nye stoda i Leikarringen med stor pågang av ivrige dansarar. Våren 2024 begynte me med grunnkurs i folkedans i forkant av dei ordinære øvingane, 19:00-19:30. Dette førte til at øvingstida til BULder og brak blei flytta, og nedkorta, frå 18-20 til 17:30-19:00. Samstundes kunne BULder og brak då vere i Teatersalen heile øvinga si, og Songdansgruppa kunne utvide øvingstida si til 18-19:30 i Lagsrommet.

Hausten 2024 flytta me grunnkurset til annakvar onsdag etter framsyningsringen/fordjupingskurset, motsett veke av Hallinglagetets øvingar.

2.2 Tysdagsøvinga

Tysdagsøvingane har som i fjor hatt godt oppmøte. I løpet av 2024 var dei heile 492 unike personar innom tysdagsøvingane. Omlag halvparten var med på to eller fleire øvingar. Størstedelen av dansarane er i 20-30 åra.

Våren 2024 hadde me 18 vanlege øvingar, 2 ekstra grunnkurs knytt til 17. mai-programmet, 1 øving til NORDLEK 2024 og 1 øving til Landskappleiken. Det var i snitt 57 dansarar på kvar øving med ein variasjon frå 35 til 117 stk.

Hausten 2024 hadde me 14 vanlege øvingar. Den 3. desember okkuperte Teaterlaget heile huset, og i staden for å flytte oss vekk frå Rosenkrantz' gate valde me å heller vere publikum på Teaterlagets framsyning *Rasjonelt fjøsstell*. Det var i snitt 53 dansarar på kvar øving med ein variasjon frå 40 til 97 stk.

Det er i det heile svært moro med god tilvekst, men det er merkbart vanskelegare å bygge og halde ved like ein god kjerne medlemmar som kan støtte opp om arbeidet i Ringen.

Oversikt over tema, rettleiarar og musikarar i 2024:

Tema	Rettleiar	Musikar
Balldansar i Noreg på 1700-talet	Elizabeth Svarstad	Ingrid Økland
Dans, dans, dans deg gjennom folkedans-historia	Vegar Vårdal	Digital musikk
Festleg dans	Audun Grüner-Hegge	Elise Tegnér
Festlege dansar	Nina Losnedahl	Amalie Kinsarvik Tvilde
FOKUS: Agder	Torbjørn B. Lauen	Mattias Thedens
FOKUS: Danmark (Sønderhoning)	Asbjørn Melvej	Digital musikk
FOKUS: Finland (Menuett)	Marianne Dahl	Digital musikk
FOKUS: Sverige (Hambo)	Isa Holmgren	Ester Thunander
Følgerolla	Anbjørg	Tuva Færden
Førebuing til Oslokappleiken	Audun Grüner-Hegge	Elise Tegnér
Halling	Vilde Westeng	Mattias Thedens
INTRO: Hallingspringar	Lars F. Smaaberg	Åsmund Fauske
Kva er ein framsyningskappleik?	Framsyningsringen	Framsyningsringen
La oss fikse masurkaen	Nina Losnedahl	Vemund Aukrust
Leikfest i praksis!	Torbjørn B. Lauen	Elise Tegnér
Nordisk dansekveld	Torbjørn B. Lauen	Gudåmleg
Nordlandspols	Tone Ingvaldsen	Hilde Fjæringøy
Numedalsspringar og -gangar	Nils Øyvind Bergset	Kenneth de Gala
Pols	Nina Losnedahl	Amalie Kinsarvik Tvilde
Rudl	Signe Dorothea Gjessing	Amalie Kinsarvik Tvilde
Runddans	Thomas Nilsen	Trygve Liahangen
Rørospols	Solveig Brekke Hauknes	Bjørn Kåre Odde
Snu deg rundt med Vegar	Vegar Vårdal	Digital musikk
Springdans fra Akershus	Jon Bugge Mariussen	Marianne Tomasgård
Springleik	Vegar Vårdal	Digital musikk

Swing Intro	Hallvard Øfstaas	Digital musikk
Swing Vidare	Hallvard Øfstaas	Digital musikk
Telespringar	Vilde Westeng	Matias Thedens
TEMA: Tango	Vegar Vårdal	Digital musikk
VIDARE: Hallingspringar	Lars F. Smaaberg	Åsmund Fauske
Å kome seg rundt i rundsnuen	Signe Gjessing	Amalie Kinsvarik Tvilde

2.3 BULder og Brak

Våren 2024 blei øvingstida for BULder og brak endra til 17:30-19:00, i staden for 18:00-20:00. Fordelen var at dei no fekk bruke Teatersalen heile øvinga. Det er framleis laus/halling som er hovudfokuset på øvingane. Fram til sommaren var det 8 barn/ungdomar med. I løpet av sommaren blei det kjøpt inn ein Air-Track som har gitt mykje glede på øvingane utover hausten.

Som første gruppe i Leikarringen tok BULder og brak i bruk Spond frå hausten av, der deltakarane og dei føresette kunne få informasjon og meldingar om øvingane, relevante helgesamlingar, oppdrag og kappleikar. I løpet av hausten kom det to nye dansarar til, slik at gruppa auka til 10 dansarar. Sikia Chi Masters Heien (unntatt siste del av haustsemesteret) og Ånund M. Myhren har vore hovudinstruktørar heile året, og Vebjørn Jøtun Fauske har hjulpet til ved behov.

BULder og brak fekk vist seg fram på Karl Johan på 17. mai, sjokoladekappleiken i samband med Oslokappleiken, og på juleavslutninga i Leikarringen.

2.4 Songdansgruppa

Songdansgruppa i Leikarringen har hatt øving kvar øvingsdag i Leikarringen frå 18.00 til 19.20. Hovudtyngda av songdansar har vore balladane. Pa stordanskvelden 2024 skipa vi 24 vers av eigenrestituerte St Olavs kappseilas. Frammøtet har vore om lag 10. I heile 2024 var fokus "Ormen lange" og vi pugga 7 nye vers kvar anna veke og fram til desember kom vi gjennom alle 86 vers. Frå hausten har strukturen på øvinga blitt betre med tredeling: Hovudfokus, Andre balladar og Småviser. Songdansgruppa har 6 medlem som kan skipa ein eller fleire av balladane.

2.5 Søndansen

SØNDANSEN hadde ni gode samkomer i 2023. Vi samlast om lag ein søndag i månaden og held på i tre timar. 20 dansarar har vore med på øvingane dette året også og det møter om lag åtte par kvar gong. Spelemann for gruppa er Hans Petter Holen og rettleiar er Folke Flateland. Båe har gjort dette sidan Søndansen tok til hausten 2000.

I haust skipa vi til ein Temakveld om Juleball i Gausdal prestegard i 1819, basert på eit manuskript av prestesonen Christian Thaulow som er publisert i boka Sang og Dans i det unge Norge. Det var Folke, Hans Petter og Kjell Klausen som stod for dette. Vi baud også inn andre og det møtte fleire dansarar frå dei andre balldans-gruppene i og rundt Oslo. Programmet inneheldt også tidskoloritt 1819, selskapssongar frå boka som Kjell tok seg av og Hans Petter

spelte engelskdans-melodiar frå boka som vi dansa sekstur og firetur til. Programmet førde vi også fram på ein Kulturkveld i Symra i januar 2025.

Vi dansar som før mykje kontradans og balldansar frå det norske tilfanget, vi arbeider med dansestil og set dansane inn i ein kulturhistorisk samanheng. Det er med stor glede vi også tar i bruk det nye norske dansetilfanget som er rekonstruert og publisert dei seinare åra.

Vi legg også vekt på det sosiale med litt allsong og ein god prat til kaffien.

SØNDANSEN er eit tilbod til dansarar i Leikarringen og BUL som vil danse meir enn dansen på tysdagane, eller som ikkje har høve til å vere med då. Det er triveleg om fleire finn vegen til SØNDANSEN i Lagsrommet i Rosenkrantzgate.

2.6 Grunnkurs

Nytt av året var grunnkurs i folkedans 19:00-19:30, i forkant av dei vanlege tysdagsøvingane våre. Målet var å gi nye og ferske dansarar høve til å lære seg grunnleggande runddansar o.l., for å kunne vere betre førebudd til danseøvinga etterpå. Sikia Heien og Ånund Myhren, instruktørane i BULder og brak, var instruktørar for desse kursa. Det blei rullert mellom reinlender, vals, polka og pols. I snitt møtte det ca. 4-5 personar på kvart kurs.

Etter sommaren blei grunnkurset flytta til annakvar onsdag kl. 20:00-21:30 i staden for. Det var hovudsakleg styret og deltakarar på kurshaldarkurset som var instruktørar her. Målet var å kunne knytte grunnkursets tema opp mot den påfølgjande tysdagsøvinga. Det var i snitt 12 personar på grunnkursen om hausten.

2.7 Framsyningsring/fordjupingsring

Framsyningsringen som blei starta hausten 2023 heldt fram utover våren, no med eit tydeleg mål: Framsyningskappleiken på NORDLEK 2024 i Arendal. Ein liten kjerne på ca. 10 dansarar brukte annakvar onsdag til å utvikle eit framsyningsprogram, og fekk i løpet av våren hjelp av både Vegar Vårdal, Torill Schinstad og Marianne Dahl. Programmet blei delt i tre delar, der éin del berre var dei som hadde vore med i framsyningsringen, éin del var for dei i Leikarringen som kunne vere med på framsyningskappleiks-øvinga, og éin del der alle medlemmar i Leikarringen som var på NORDLEK kunne vere med på. Litt over 50 medlemmar i alderen 1-70 år var med i framsyninga. Det skapte god stemning, og bygde god lagkjensle i Ringen!

Når haustsemesteret tok til så endra me namn på gruppa frå framsyningsring til fordjupingsring etter innspel frå medlemmar som ønskte å fordjupe seg i dans, utan å måtte stå på ei scene. Oppmøtet utover hausten låg på ca. 4-5 dansarar. Det blei bestemt før jul at fordjupingskurset ikkje ville halde fram på nyåret.

2.8 Myretrill

Myretrill er ei hallinggruppe under Leikarringen, som har hatt samlingar på onsdagar. Myretrill hadde sporadiske øvingar våren 2024 med 2-5 dansarar. Det har vore ein lita gruppe som har møttast og hatt sjølvtrening utan instruktør. Hausthalvåret blei det tyngre enn før å drifte gruppa, og gruppa blei difor lagt ned i løpet av hausten 2024. Gruppa ynskjer å nytta ope sal ved høve.

3. Samarbeid med andre

Det er hovudsakleg god stemning og samarbeid mellom dei ulike laga og aktørane i Oslo. Miljøet er i vekst, og dei er fleire som prøver seg på ulike tiltak og prosjekt, akkurat som oss i Leikarringen. I 2024 var me medarrangørar på DANS, DANS, DANS i januar og OsloP i september. Dette er festivalar/dansearrangement drive av Riksscenen, der alle dei eksisterande arrangementa og øvingane i Oslo blir "pakka" inn som eit større arrangement/festival.

4. Kven Veit?

Som tidlegare år deltok Leikarringen med liv og lyst i Kven Veit i 2024 òg. Det er moro med eit slikt felles arrangement for alle særlaga. Leikarringen stilte med eitt lag i år, og me måtte diverre sjå oss slått av Teaterlaget og Songlaget i år igjen. Leikarringen kom på ein 20. plass nasjonalt med 53 poeng. Me gratulerer Teaterlaget som gjekk av med sigeren nasjonalt, med 74 poeng.

5. Oppdrag

Leikarringen har fått fleire førespurnadar om ulike danseoppdrag og framsyningar i 2022. Mange har me diverre ikkje hatt kapasitet til å ta på oss. Dei fem oppdraga me tok på oss var:

- Undervisning i folkedans for 8. og 9. trinn på Haugerud ungdomsskule i valfaget *Kulturarv*
- Finnskogspols på Skogfinnedagen 4. mai på Riksscena
- Eit cruiseskip-oppdrag
- Framsyning på Oslo militære samfund for ei rumensk kunde
- Opning av Kulturarenakonferansen
- Dansekurs for julebordet til Clean Unit Renhold

Desse oppdraga gir inntektar til ringen, og me har heilt klart eit potensiale i å auke inntektene våre med å ta på oss fleire oppdrag. Samstundes har ikkje styret åleine hatt kapasitet til å organisere det praktiske rundt slike oppdrag.

6. Arrangement

6.1 17. mai

17. mai og Leikarringen har blitt ein lang tradisjon. 50årsfeiringa skulle ha vore midt under pandemien, men 2024 blei altså 50. gongen Leikarringen dansa opp Karl Johan på nasjonaldagen. Vegar Vårdal og Solveig Brekke Hauknes leia oss godt gjennom både øvingane og sjølve opplegget på Karl Johan. Nytt av året var to "17. mai-grunnkurs" i april slik at dei nyaste fekk totalt 4 øvingar med dansane før dei blei kasta uti det på 17. mai. Omlag 15-20 personar

deltok på dei to grunnkursa, og på dei to 17. mai-øvingane var me høvesvis 100 og 120 dansarar. På sjølve dagen var me 132 dansarar, 2 musikarar og omlag 30 i føljet bak.

Tradisjon tru blei det i år òg framsyning på Ensjøtunet. Takk til Signe-Marie Herne Bjerke for god organisering.

Medlemmar frå Leikarringen hjalp til med å rigge og som medhjelparar og meddansarar under Brusteiinsballet på Universitetsplassen. Det var godt oppmøte på denne dansefesten, som truleg er den arenaen i Noreg kor flest folk får møte norsk folkedans for første gong!

6.2 Lønningspols og Nordisk dansekveld

23. januar me til ein alternativ Lønningspols med tema knytt til NORDLEK 2024: Nordiske dansekveld. Gudåmleg stod for musikken, og det var både smaksprøvar på dansar frå heile Norden og informasjon om sommarens store folkedansfestival.

12. november skipa me til tradisjonsrik Lønningspols der Flatlusa spelemannslag spelte.

7. Kappleiksdeltaking

7.1 Landskappleiken

Lagdans senior

Leikarringen deltok med tre nesten fulle lag på lagdansen, med 58 dansarar; lag Klara (Semb), Hulda (Garborg) og Turid (Mørk Øfstaas). Alle laga dansa finnskogspols. I tillegg deltok BULder og brak med halling, og fekk delt 1. plass saman med Papalooks (92 poeng!). Lag Turid fekk 79 poeng, lag Hulda 74 og lag Klara 72 poeng, så me har greidd å sette saman tre ganske jamne lag. Som vanleg var det fleire medlemmar som deltok med andre lag og grupper i lagdansen i tillegg til å danse med Leikarringen.

Dans fele A

Anbjørg Myhra Bergwitz og Audun Grüner-Hegge, Polsdans frå Finnskogen (1. plass)

Solveig Brekke Hauknes og *Ole Nilssen*, Pols frå Østerdalen (2. plass)

Tone Ingvaldsen og Snorre Kristiansen, Nordlanspols

Rita og Svein Are Sirirud Vatnehol, Springdans frå Torpa + Springdans frå Nordre Sunnmøre

Dans fele B

Signe Dorthea Krohn Gjessing og Torbjørn Bergwitz Lauen, Finnskogspols (napp)

Lynn Ossege og Ingrid Skrindo, Rørospols

Dans hardingfele B

Ånund Meberg Myhren og Tilia Hernes Paasche-Aasen, Telespringar

Vebjørn Jøtun Fauske og *Ingrid Jøtun Fauske*, Hallingspringar

Simon Hesselberg Løvald og *Åshild Vetthus*, Suldalsspringar

Simon Hesselberg Løvald og *Solfrid Nestegard Gjeldokk*, Hallingspringar

Jon Bugge Mariussen og Nikolaj Bo Fischer Nielsen, Hallingspringar

Oda Hernes og Eilif Hellum Noraker, Valdresspringar

Durspel senior

Vebjørn Jøtun Fauske

Fele B

Runhild Heggem
Saimi Kortelainen

Fløyte senior

Saimi Kortelainen

Halling A

Jon Bugge Mariussen
Simon Hesselberg Løvald

Halling B

Frederick Brevig Jacobsen (napp)
Ånund Meberg Myhren (napp)
Nikolaj Bo Fische Nielsen (napp)
Vebjørn Jøtun Fauske
Snorre Kristiansen
Eilif Hellum Noraker

Hardingfele B

Kjetil Meberg Myhren
Saimi Kortelainen

Vokal A

Isa Holmgren

7.2 Oslokappleiken

Lagdans senior

Leikarringen deltok med to lag i lagdansen. Båe laga dansa finnskogpols og fekk høvesvis 65 og 63 poeng.

Dans fele senior

Det deltok fem par i denne klassa, og alle var medlemmar i Leikarringen:

Signe Dorthea Krohn Gjessing og Torbjørn Bergwitz Lauen, finnskogpols
Hedda Hernes og Oda Hernes, finnskogspols
Celine Marie Jensen og Vilma Eline Finvik Johnson, finnskogspols
Elise Birgitte Haugsten Thomassen og Ane M. Valseth, rørospols
Helen Engelstad Kvalem og Peder Myhre, pols

Dans hardingfele junior

Hedda Hernes og Vilma Eline Finvik Johnson, hallingspringar

Durspel og trekkspel senior

Vebjørn Jøtun Fauske

Eldre folkemusikkinstrument senior

Frederick Brevig Jacobsen

Saimi Kortelainen

Halling senior

Vebjørn Jøtun Fauske

Ånund Meberg Myhren

Snorre Kristiansen

Spel hardingfele senior

Kjetil Meberg Myhren

Saimi Kortelainen

Vokal folkemusikk senior

Signe Dorthea Korhn Gjessing

7.3 Framsyningskappleiken på NORDLEK

Leikarringen deltok i framsyningskappleiken med over 50 dansarar på det meste. Det var tøff konkurranse mot lag frå heile Norden. Me fekk god skryt frå dommarane, men nådde diverre ikkje til topps i tevlinga. Det var likevel givande å vere med på, og det var moro å få samla medlemmar i alle aldre, frå 1 til over 70 år på scena samtidig.

8. Turar

Årets store turar gjekk til Landskappleiken på Gol og til NORDLEK i Arendal. Kor mange me var i Gol har me diverre ikkje tal på då folk både budde på felles klasserom og i eigen innkvartering. Leikarringen gjorde seg uansett godt merka både på kappleikssцена og på dansegolvvet utover kveldane.

På NORDLEK var me mellom 90 og 100 medlemmar til stades, noko som var særst moro. Leikarringen hadde leigd to hus i sentrum av Arendal som blei fylt opp med folk og madrassar i alle rom. Fleire i Leikarringen hadde vore med i planlegginga av festivalen, og enno fleire tok på seg frivillige oppgåver undervegs. Me fekk diverre aldri samla alle medlemmane på noko tidspunkt, men det blei nok av møtepunkt undervegs likevel. I tillegg til ein del "gamle travarar" var det særst mange nye, og unge, medlemmar som deltok på NORDLEK for første gong. Dette lover godt for komande nordiske stemne!

9. Innkjøp

Me har kjøpt inn Air Track til BULder og brak, også har me fått alle dei gamle videoane og lydopptaka i arkivet vårt digitalisert. Her finst det både opptak av lagsmøte frå 60-talet, og video frå ulike framsyningar og turar oppgjennom. Ta kontakt med styret om du ønskjer å få tilgang.

10. Melding frå Rådet

Rådet i Leikarringen si hovudoppgåve er å «vere til hjelp for styret i arbeidet med å fremje føremåla til Leikarringen» (jf. styringsføresegnene § 8). Sjølv om styret ikkje fremjar mange saker til handsaming i Rådet i løpet av eit arbeidsår, gir styreleiar uttrykk for at det er god støtte i å kunne nytte den samla røynsla hos råds-medlemmene ved høve.

Rådet har etter årsmøtet i Leikarringen 27. februar 2024 hatt denne samansetjinga:

Valde i 2023: Anbjørg Myhra Bergwitz, Solveig Brekke Hauknes og Hallvard Øfstaas

Valde i 2024: Audun Grüner-Hegge og Rune Hernes Bjerke

Rådet har hatt eitt møte i perioden, 26. november 2024, og valde då Audun Grüner-Hegge som ordførar og Rune Hernes Bjerke som skrivar. Styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen og styremedlem Elise Haugsten Thomassen deltok på møtet.

I rådsmøtet i november diskuterte rådet og styre-representantane stoda i styret og styrearbeidet fram mot årsmøtet 2025, innhaldet i styrerollene og fordeling av oppgåver i og utanfor styret. Rådet konkluderte med at det kan vere ein føremon å sjå nærare på ei tillemping av § 4 i lovene, og vil vere til hjelp i dette arbeidet.

11. Melding frå Bunadsnemnda

Nemnda har i meldingsåret vore samansett av: Åse Wethal Holen, Sigrid Kjøbli og Anne Cathrine Johansen. Som vanleg har nemnda veileda om bunadbruk til 17. mai. Til 17. mai vart nesten alle bunadar Leikarringen eig lånt ut, pluss at nemnda formidla kontakt så nokre kunne låne av kvarandre.

Det blei også lånt ut ein bunad i samband med ei framsyning på cruiseskip i sumar.

Vedlegg: Leikarringen sine bunadar

Herre

1. Sigdal-Eggedal jakke
2. Fana (Jakke, knebukse, begge vestar) Storleik: M/L (50-52)
3. Røros (Jakke, knebukse, vest) Storleik: S
4. Sunnmøre (Jakke, knebukse, vest) Storleik: ca M
5. «Fantasibunad» (Svart jakke, bukse, raud vest) Storleik: ca M
6. Hallingdal (Jakke, knebukse, lang bukse, vest) Storleik: XL/XXL
7. Gudbrandsdal (Knebukse, vest) Storleik: M/L
8. Vest-Telemark (Jakke, lang bukse, vest) Storleik: S/M
9. Vest-Telemark (Jakke) Storleik: S
10. Hardanger (Jakke, knebukse, manglar vest) Storleik: 48/50

Dame

1. Fåberg blå (Stakk, jakke) Storleik: S/M
2. Rondastakk og rutiliv (Stakk, 2 forklær) Storleik: 40/42
3. Jordet blå med damaskliv (Stakk, lue, lauslomme) Storleik: M (Gudbrandsdal)
4. Jordet svart (Stakk, jakke, lue, lauslomme) Storleik: XS/S (Gudbrandsdal)
5. Sunnmøre (Stakk, forkle, skaut med bånd) Storleik: S

Anna

- 2 svarte kapper med vove band
- 1 snippkjole
- Drakter til Draumkvedet
- Diverse skjorter til dame og herre
- Nokre par hoseband
- Nokre par ullstrømper
- Enkelt sylv (halsringar, mansjettknappar)
- Bøker om bunad, bunadbruk og bunadsaum. M.a. Norsk bunadleksikon

**ÅRSMELDING FOR
SONGLAGET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO
2024**



Songlaget sin logo kledd i jubileumsfarger laga av Angeliki Zisi (Blestnemnda), spesialutgåve for SoMe for 2024.

Medlemstal

Det var 57 songarar med i Songlaget i 2024, medrekna songarar på prøvetid, og dei som har vore med berre våren eller hausten. Det var 50 registrerte medlemmer i Songlaget i BUL og sju songarar på prøvetid per 31.12.2024. Av desse er det

- 9 bassar
- 20 sopranar
- 17 altar
- 11 tenorar

Koret har også hatt med prosjektsongarar: Asbjørn Gjerde Lund var med heile året, og Vidar Lund var med noko av haustsemesteret og på jubileumskonserten.

Det er éin heiderslagsmedlem i Bondeungdomslaget i Oslo, Nils Norman Iversen, og éin livsvarig heidersmedlem i Songlaget, Vera Madsø. Kerstin Hellberg er registrert som honnørmedlem, men ikkje aktiv songar.

Dirigent

Knut Kristian Mohn har vore den faste dirigenten for koret i heile meldingsåret. Koristane og styret er svært nøgde med at den musikalske utviklinga for koret held fram under hans leiing, også i meldingsåret.

Musikalsk utvikling

Koret har etablert seg til å bli eit kor av høg kvalitet og på eit høgt nivå. Samarbeidet mellom koristar, styret og dirigent har vore svært godt i 2024. Høgdepunktet, og det store målet for 2024 var jubileumskonserten for koret i Universitetets aula, som blei ein stor suksess og oppleving for koristar, dirigent og publikum.

Styret

Årsmøtet 29.2.24 valde dette styret:

- Leiar: Karianne Johansen, attval for eit år
- Nestleiar: Ole Johan Hildre, attval for to år
- Kasserar: Sara-Elisabeth Smith-Ånesland, utfyllingsval for eit år
- Skrivar: Marit Buset, ikkje på val
- Styremedlem: Synnøve Berstad, attval for to år
- Varamedlem: Angeliki (Kiki) Zisi, attval for eit år
- Varamedlem: Nina Haug-Johansen, ny for eit år
- Varamedlem: Guro Smedhaug, ny for eit år

Styret konstituerte seg på fyrste styremøte etter årsmøtet 7.3.24

Det har vore 11 vanlege styremøte i meldingsåret. I tillegg noko kommunikasjon på messenger/e-post mellom møta.

Generelt styrearbeid

2024 har vore eit aktivt og innhaldsrikt år. Noko rolegare aktivitet i vårsemesteret, men desto meir aktivitet på hausten i samband med jubileet til koret. Sjå elles aktivitetsoversikten under avsnittet for Aktivitetar

Styret har samarbeidet godt i heile meldingsåret, og har hatt ein open og fri dialog. Det er veldig god og positiv stemning i koret generelt. Vi opplever god påfyll av nye, og aukande medlemstal totalt sett. Det er veldig gledeleg og trygt for drifta av koret. Vi, som andre kor, slit med å få fleire herrestemmer inn i koret. Så det er ei evig utfordring, men vi jobbar på.

Koret har mange nemder, og alle nemdene har fungert godt i meldingsåret. Etter årsmøtet i 2024 inviterte styret til eit nemdseminar, då det kom signal om dårleg informasjon og overgangsutfordringar frå nye og gamle nemder. Det blei teke godt i mot. Enkelte nemder har vesentleg meir å gjera enn andre. Men alle er viktige som avlastning for styret, og for å inkludere medlemmene aktivt inn i drifta av koret på forskjellige plan. I høve jubileet, blei det sett ned ei særskilt jubileumsnemnd for styret, der Anna Tori Aas Bjerkestrand, Åsta Bjerkestrand, Nils Norman Iversen og Bård Winther var med .

I meldingsåret har styret gjennomført en stor spørjeundersøking, der alle aktive koristar svarta. På spørsmål om medlemmene sitt vel, repertoar, dirigent med meir. Tilbakemeldingane og resultatet av undersøkinga var at koristane er veldig nøygde med det meste. Spesielt positive var medlemmene nøgde med dirigenten og med at folk trivest i koret. Det kom gode innspel og forslag på forbetringar, som styret jobbar vidare med.

Styret har hatt planar om å fornye styrehandboka i meldingsåret. Noko som har stoppet opp, men må jobbast vidare med for neste periode.

Vi har avvikla Dropbox-abonnement vårt, og dei digitale arkiva/mappene der har blitt konvertert til SharePoint, etter god hjelp frå lagskontoret. Den aktive kordrifta og kommunikasjon med koret vert administrert gjennom app-løysinga ChoirMate.

Økonomien til koret er god. Jubileumsåret har korstat ein del ekstra for koret, og det var planlagt i budsjettet. Vi har framleis og aukande publikumsoppslutning på konsertane våre. Vårkonserten, "Tonar på tunet" var utandørs, og vi var litt uheldig med dårleg vær, men likevel godt besøkt sett mot 2023. "Jubileumskonsert 1914-2024" i Universitetes aula, hadde vi publikumsrekord i forhold til eit 10-års-perspektiv. Begge konsertane våre gjekk med underskot, og særleg jubileumskonserten var ein dyr produksjon. Men takkavera god utteljing på diverse søknader om konsertstøtte og anna, har vi fått eitt godt resultat totalt sett, opp mot budsjettet for 2024.

Vi takkar for god hjelp og dialog frå Kari, Maria og Jøran på Lagskontoret gjennom heile meldingsåret.

Ymse ombod og nemnder

Stemmeførarar

Sopran: Heidi Berg og Guro Smedshaug Berge

Alt: Åsta Bjerkestrand og Nina Haug-Johansen

Tenor: Bård Winter og Olav-Johan Øye

Bass: Jens Krakhella

Blestnemda: Øyvind Bergh, Angeliki Zisi, Torgeir Solstad og Trond Haugmark

Programnemda: Tiril Susan Bratt(perm fra august) og Michael Olsen(erstatter for Tiril), Anne Marte Grøholt, Bendik Lynghaug (perm.) og Jorunn Ulvestad

Målnemda: Hanne Aarstein og Olav-Johan Øye

Noteforvaltar: Anna Tori Aas Bjerkestrand og Åsta Bjerkestrand

Festnemda: Catrin Tallarico, Bendik Lynghaug (perm.) og Vilde Elise Forfang, Hanne Aarstein og Ole Petter Ribe ble med ila året

Kaffinemda: Guro Smedshaug Berge og Jorunn Ulvestad

Ryddemda: Bård Winther og Erik Kokkin (til vår -24)

Valnemda: Ragna Betten, Mari Lundevall og Kikki Aardalsbakke

Medlemsmøte

Det vart halde to medlemsmøte i 2024

25. januar 2024

5. september 2024

Aktivitet

Seminar

2.-3. mars 2024: Vårseminar i Nynorskens hus

19.-20. oktober 2024: Haustseminar og jubileumstur til Granavolden

Konsertar og oppdrag

28. februar 2024 – BUL 125 år, start jubileumsår - Kaffistova

20. april 2024 – Songoppdrag – Glasmagasinet

27. april - Dugnad Sentrumsløpet

17. mai 2024 – Brusteinsballet – Universitetsplassen

18. mai 2024 – 75 års-dag, Kari Rysst Seeman

30. mai 2024 – Konsert Diakonveien Omsorg+

13. juni 2024 – Sumarkonsert - Nedre Blindern Gård

15. juni 2024 – 50 årslag, Ole Johan Hildre

12. oktober 2024 – BUL 125 år, bursdagsfest – Nynorskens hus

26. oktober 2024 – Oppdrag 60-årsdag - Schafteløkken

6. desember 2024 – Jubileumskonsert 1914-2024 - Universitetets aula



27. april 2024 – Dugnad Sentrumsløpet. Foto: En snill forbipasserande.



Tonar på tunet

Torsdag, 13. juni kl 19.30
inngang frå kl 19.00
Stad: Nedre Blindern gård, Blindernveien 19

«Tonar på tunet»: Arrangement til sommarkonsert på SoMe laga av Torgeir Solstad (Blestnemnda).



13. juni 2024 – Sumarkonsert «Tonar på tunet» - Nedre Blindern Gård. Foto: Audun Åby, og Trond Haugmark (Blestnemnda).

Jubileumsåret 2024

6. desember 2024 var det 110 år sidan songlaget var stifta. Det markerte vi på fleire måtar gjennom året.

19.-20. oktober reiste vi på jubileumstur til Granavolden. Der hadde vi haustseminaret vårt, og helga gjekk med til å terpe på programmet mot jubileumskonserten. Det var ei sosial og kjekk helg, der vi song mykje og blei betre kjende med. Vi fekk omvising i ei av Søsterkirkene, og der song vi eit vers av "I Himmelen". På laurdagskvelden fekk vi servert tre-rettars middag og vi hadde koret sin årsfest.

På sjølve stiftingsdagen heldt vi konsert i Universitetets aula, der heile 331 betalende publikummarar og fem invitererte gjester tok turen! Jubileumskonserten hadde eit variert program med både folkemusikk, klassisk musikk og stykke tileigna koret. Vi hadde med oss ei samansett gruppe med gjestemusikarar, med bakgrunn både frå klassisk musikk og folkemusikk, som var med å løfte konserten. Desse musikarane var Ingrid Mæland fiolin, Elinor David-Larsen bratsj, Randi Vorum cello, Eskild Abelseth kontrabass, Arild Bjørkelo perkusjon, Vegar Sandholdt flygel og Vegar Vårdal fele. Vår eigen Trond Haugmark var fabelaktig konferansier for kvelden. Grieg sine fire salmar var hovudverket under konserten, og vi hadde med oss baryton Aleksander Nohr som solist. Sidan konserten var i desember hadde vi ei avdeling med julemusikk. Nordnorsk julesalme blei spesielt godt motteken – publikum ville ikkje slutte å klappe. Responsen frå publikum var særst god både under og etter konserten. Konserten var også ei fantastisk oppleving for koret, med mykje glede, samhald, fokus og musikalitet.

Vi vil påstå at vi er ein livskraftig 110-åring.

I tillegg til vårt eige jubileum, feira Bondeungdomslaget i 125 år i 2024. Dette var vi med å feire 12. oktober i teatersalen. Vi vart servert velsmakande buffet og kaker frå Kaffistova. Det var taler og kulturelle innslag, og songlaget stod sjølvstøtt for songen.



12. oktober 2024 – BUL 125 år, bursdagsfest – Nynorskens hus. (Til venstre) Laget øver Hurra for deg! (Til høyre) Fine blomsterdekorasjon laga av Nils Norman Iversen (bass) med god hjelp frå kormedlemmene Randi Vorum, Rannveig Winsens Nordhagen og Kari Rysst Seemann (alle sopranar).
Foto: Randi Vorum.



19.- 20. oktober 2024: Haustseminar og jubileumstur til Granavolden. Førre ei av dei to Søsterkirkene.
Foto: Trond Haugmark (Blestnemnda).



Universitetets aula



Plakat til Jubileumskonsert laga av Angeliki Zisi (Blestnemnda).



6. desember 2024 – Jubileumskonsert 1914-2024 - Universitetets aula. Kor og dirigent Knut Kristian Mohn. Foto: (øvt) Puscasu Mihai Gabriel, og (nedst) Geir Juell Skogseth.

Generelt om arbeidet i nemndene

Programnemnda

I programnemnda dette året har vi vore to altar, ein sopran og ein bass.

Til sommerkonserten 2024 song Songlaget hovedsakeleg songar vi kunne frå før. Dette var fordi hovudfokuset i 2024 var å gjere oss klare til jubileumskonserten i Universitetets Aula i desember 2024.

Tysdag 30. april 2024 hadde vi myldremøte med nemnda utan dirigent om tema til sommerkonserten 2025. Grunnlaget for ideane vi diskuterte på dette møtet var blant annet songar vi har sunge i andre kor og songar vi så på notelistene i Notebutikken.no. Etter Jakob Sande-kvelden i BUL kom det også ønske om å ta med nokre songar av han og Halldis Moren Vesaas som han hadde et forhold til.

Den 23. mai 2024 hadde vi møte med nemnda og med dirigenten. Der lagde nemnda fram ideane frå møtet i april.

Vi har ikkje hatt noko møte i programnemnda i løpet av hausthalvåret 2024, men vi hadde eitt kort møte med dirigentem om repertoaret for sommarkonserten i pausen på første øvinga med koret i januar 2025. Førebels repertoar har mykje med bondekultur, natur og Noreg å gjere, og det vil vere ei blanding av nye songar og songar som Songlaget kan frå før.

Noteforvaltar

Innkjøp av nye noter 2024:

- Trolldans (Hulda Garborg)
- Orkesterversjon til "Eit barne er fødd i Betlehem" - av Ørjan Matre

Flytting av digitalt notearkiv frå Dropbox til ny Sharepoint-løysing i BUL.

Målnemnda

Målnemnda i Songlaget har gitt råd om målbruk tekster som laget har nytta seg av, det gjeld både songtekster og tekster nytta til informasjon. Nemnda kan gjerne nyttast i slike høve

For nemnda:

Olav-Johan Øye

Blestnemnda

Dette året har nemnda hatt eit særst travelt år. Nemnda har hatt fire medlemar. I utgangspunktet har det vore tre av oss som har hatt møte. Både på sosiale media, men òg i røysla. Då oftast på stamstaden vår, Kaffistova. Me vil få nemne noko om korleis nemnda har jobba dette året.

Dette året har me vore frampå både på Instagram og Facebook. Vår vanlege heimeside vert oppdatert via BUL, då me opplever henne som litt vanskeleg å navigere seg på. Med det sagt, så er det alltid hjelp å få på kontoret. Nemnda er av den oppfatning at det er ulike grupper som orienterer seg på Instagram og Facebook – dei yngre på den fyrste, og dei litt tilårskomne på den siste.

For Blestnemnda er det moro å sjå at våre medkoristar delar villig av våre innlegg på sosiale media. Det er sær s viktig at vi får hjelp til å spreie det vi lagar til. Me vil òg takke for at dei aller fleste stiller opp på våre krumspring. Nemnda skal verte enno flinkare til å dele alt dette med dei av oss som ikkje er inne på sosiale medium, og heller vidaresende våre oppslag via e-post.

Nok ein gong tok vi på oss songoppdrag på Glasmagasinet, og fekk i samband med det blesta både i førekant og etterkant.

Den største jobben det siste året var å jobbe fram mot jubileumskonserten i Aulaen. Der kravde arbeidet fullt fokus frå oss. Alt i august hadde me laga ein plan for kva som skulle blestast heilt fram til konserten. Det var utruleg godt å ha ein plan der me kunne krysse av for ulike gjeremål og innslag ut på dei sosiale media. Trond laga ein sær s god plan, og me andre kunne legge til og trekke frå.

Framfor konserten, og blesting på nyåret 2025 nytta me oss av høvet til å bruke noko ekstra pengar på blesting via Facebook. Vi traff mange utanfor vår kjerne, og me vil tru at om ikkje alle desse kom på konserten eller på opa øving, så vart mange kjende med oss som kor. I tillegg har vi nytta oss av både Norges Korforbund sine sider for promotering, og nettsida Hva Skjer i Oslo.

Våre plakatar, postera og flygeblad i år har alle vore sjølvlaga i godt samarbeid mellom alle oss i nemnda. Vi er sær s nøgde med plakaten til jubileumskonserten vår. Stor takk til Kiki for ein super jobb med tilpassing av alle format og tilpassing med ulike sponsorar. Dette har vore naudsynt for å få ekstra støtte til våre konsertar, m.a. frå Oslo kommune.

På vegne av Blestnemnda

Torgeir Solstad

Festnemnda

Festnemnda har ikkje hatt nokon eigne arrangement i år, berre bidrege med underhaldning/sosiale aktivitetar på Granavolden. Så ikkje mykje å forelje om, dessverre, anna enn at vi sytte for god stemning gjennom bli kjend-leikar på seminaret.

Valnemnda

I valnemnda satt Åsta Bjerkestrand, Nils Norman Iversen og Kari Rysst Seeman

Valnemnda arbeidde fram mot årsmøtet og la fram forslag til kandidatar til styret og alle nemnder.

Med venleg helsing

Åsta Bjerkestrand

Repertoar våren 2024

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfattar
I himmelen	Edvard Grieg	<u>L.L. Laurinus</u>
Hvad est du dog skjøn	Edvard Grieg/ H. A. Brorson	H.A. Brorson
Vårsøg	H. Sommerro	H. Hylbak
Når fjordene blaaner	J. Paulsen/A. Paulsen/K. Wendelborg	
Drivkrafta	V. Vårdal	
Bruremarsj frå Østerdalen	Trad./Per Sivle/L . Sjøraas d.e	
Auge i Vind	Liv Ulvik	Jon Fosse
Den fyrste song	Per Sivle/Lars Sjøraas	Per Sivle
An Irish blessing	Trad./James E. Moore	Trad
Blåkklokkevikua	Finn Ludt/AL Sandgren	Alf Prøysen
Masurka	Trad / Andrew Smith	Geirr Lystrup
Bruremarsj fra Lødingen Ja vi elsker dette landet Nordmannen(millom bakkar og berg) Hurra for deg	Trad./Erlend Fagertun B.Bjørnson/K.Wendelborg Trad./Ludv. M.Lindemann Trad./M. Munthe/Liv Ulvik	Halvdan Sivertsen Rikard Nordraak Ivar Aasen Nynorsk Ola Havrevoll

Repertoar hausten 2024

Tittel	Komponist/arrangør	Tekstforfattar
I himmelen	Edvard Grieg	L.L. Laurinus
Hvad est du dog skjøn	E. Grieg	H. A. Brorson
Gud søn har gjort meg fri	E. Grieg	E. Grieg
Jesus Kristus er oppfaren	E. Grieg/	H. Tomissøn
Eg synger julekvad	J. Klug	Til nynorsk Bernt Støylen
Auge i vind	Liv Ulvik	Jon Fosse
Masurka(Jentelokken)	Trad./Andrew Smith	Geirr Lystrup
Nordnorsk Julesalme	Trygve Hoff/Bjørn Andor Drage	Trygve Hoff
Høyr kor englar syng frå sky	F. Mendelssohn	Charles Wesley, til nynorsk Kjetil Frøysa
Velkomne med Æra	Trad./L.A. Fuglset. Bearbeidet for blandakor av K.K. Mohn	Geirr Tveitt
Bruremarsj frå Valsøyfjord	Trad./H. Sommerro/G. Pedersen	
Ut mot Havet	E. F. Brein	H. Straumsheim
Trolldans	Trad./Henrik Lyssand	Hulda Garborg
Kling no klokka	Trad.	Elias Blix
Eit barn er født i Betlehem	Trad/Ørjan Matre/Grete Pedersen	Til nynorsk Bernt Støylen
Fager er jordi (Deilig er jorden)	Schlesisk folketone / Terje Kvem	Nynorsk Gunnar Torgeirsson Rysstad

Utdeling av årsmerke og årsmarkering – 2024

Eittårsmerke – Songlaget

Heidi Berg
Kristina Sundnes
Mildrid Isungset
Anne Marte Grøholt
Hanne Arstein
Hildegunn Viljugrein
Liv Hege Skagestad
Mari Lundevall
Maria Aasmul
Nora Halleraker
Vilde Elise Forfang
Bård Winther
Elias Slettevoll
Sebastian Taylor
Michael Olsen
Ole Petter Ribe
Sigvart Eggen
Åsmund Halleraker
Øyvind Bergh
Jens Krakhella
Sigurd Tronstad
Torstein Hagen
Guro Smedshaug
Randi Vorum

Oslo, 3.3.2025

Karianne Johansen Ole Johan Hildre Synnøve Berstad Marit Buset
Sara-Elisabeth Smith-Ånesland
Angeliki Zisi Nina Haug-Johansen Guro Smedshaug

ÅRSMELDING 2024 FOR IDROTTSLAGET I BUL

Styret i IL 2024

Leiar: Marius Frøvig Schneider

Nestleiar: Hilde Abelvik Osnes

Medlem/ungdomsrepresentant: Angelica Okparaebo

Medlem: Jill Signe Olsen

Medlem: Geir Sigmund Vaage

Varamedlem 1: Kenneth Baranyi Eriksen

Varamedlem 2: Thomas Patey

Valnemnd: Svein Erik Strand Tønnesen og Isabelle Pedersen

Kontrollnemnd: Håvard Torsteinson Hasås

Representasjon

Bislett Alliansen: Styret: Håvard Hasås (medlem), Anne Farseth (medlem)

Oslo Friidrettskrets: Styret: Hilde Osnes (nestleiar).

NFIF: Anne Farseth (president)

Administrasjonen

Idrottslaget har, saman med resten av Bondeungdomslaget i Oslo, kontor i Rosenkrantz' Gate 8. Administrasjonen har bestått av Eirik Tanberg som dagleg leiar, Simen Wifstad som administrasjons- og arrangementsansvarleg og frå 1. august Magnus Kringstad som Sportsleg leiar.

Ved utgangen av 2024 utgjer administrasjonen i Idrottslaget 2,5 årsverk.

Økonomi

Idrottslaget hadde i 2024 ei omsetning på 11 418 261 kroner og eit overskot på 1 113 765 kroner. Budsjettet viste eit underskot på 296 000 kroner.

Rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Medlemsutvikling

IL i BUL hadde totalt 525 betalande medlemmer i 2024, ein auka frå 480 i 2023.

Ventelistene har gått ned frå omlag 90 barn under 15 år ved årskiftet 2023/2024, til omlag 65 barn ved årsskiftet 2024/2024. Klubben har gjennom året hatt jamleg gjennomgang av treningsgruppene og teke inn fleire nye medlemmer. Nye barn blir teke inn fortløpande ved kapasitet. Enkelte grupper har lengre venteliste enn andre.

Strategi

IL i BUL har gjennom mange år lagt ned ei stor innsats for å utvikle yngre utøvarar frå eigen klubb. Barne -og ungdomsgruppene er store, og både deltaking og prestasjonar i aldersbestemte meisterskap har auka dei siste åra. Også blant seniorane er det gode prestasjonar, spesielt på sprint og mellom- og langdistanse for menn.

IL i BUL arbeider for å styrke Sentrumsløpet som arrangement og inntektskjelde. Samtidig vil klubben halde andre arrangement som mellom anna friidrettsskule på Bislett Stadion, Julestemne i Bærum Idrettspark, barnestemne på Bislett Stadion og jamlege meisterskap på bane.

Klubben vedtok i 2024 ein ny sportsleg plan for klubben. Vi tilsette også ein ny sportsleg leiar som har ansvaret for å følgje opp planen. Dei to hovudmåla i den nye sportslege planen er:

- IL i BUL skal vere blant dei 3 klubbane med flest poeng på meisterskapstabellane for UM, Junior NM og NM (utandørs på bane).
- IL i BUL skal vere blant dei 3 klubbane med flest registrerte resultat i NFIFs resultatstatistikk.

BUL blei nummer 2 på meisterskapstabellen for UM(6. plass i 2023), nummer 3 på meisterskapstabellen for Jr. NM(7. plass i 2023) og nummer 4 på meisterskapstabellen for NM(4. plass i 2023).

Klubben blei nummer 9 innandørs og nummer 7 utandørs på NFIFs resultatstatistikk.

Arrangement

ASICS Sentrumsløpet

Laurdag 27. april arrangerte klubben Sentrumsløpet for til saman 12 929 påmeldte deltakarar. Talet er rekord for IL i BUL. Det er tydeleg ei gateløpsbølge om dagen, og klubben arbeider for vidare vekst i 2025.

Løpsstemne Bislett 28. april.

600 meter og 1500 meter for senior i samarbeid med Ullensaker Kisa.

Bislett-leikane

22. mai arrangerte SK Vidar saman med IL i BUL Bislett-leikane på Bislett Stadion for 6-14 år.

Barnas Bislettdag

Barnas Bislettdag blei arrangert av Bislettalliansen søndag 26. mai på Bislett Stadion. BUL bidrog med i underkant av 80 timar dugnad til arrangementet.

Bislett Games

Oslo Bislett Games 2024 blei arrangert av Bislettalliansen torsdag 30. mai. BUL bidrog med om lag 175 timar dugnad til arrangementet

Friidrettsskulen

Klubben arrangerte friidrettsskule for barn på Bislett Stadion i veke 26, 27 og 32 med 118 betalende deltakarar, ein liten nedgang frå 2023.

UM friidrett, 30. august-1. september.

BUL arrangerte saman med SK Vidar, UM i friidrett på Bislett Stadion med 783 deltakarar.

KK-Mila, 7. september

Bislettalliansen arrangerte KK-mila på Bislett Stadion. BUL bidrog med om lag 27 frivilligtimar til arrangementet.

Julestemne

BUL arrangerte det årlege Julestemnet i Bærum Idrettspark med god deltaking.

Stemne lengde utan tilløp, 17. desember.

Klubben arrangerte stemne i lengde utan tilløp på Bislett Stadion

Trenarkurs

Tre trenarar har gjennomført trenarkurset friidrett for barn i 2024.

Gruppeaktivitet 2024

Sportsleg utval

Styret i klubben har utnemnt eit sportsleg utval som er ansvarleg for det sportslege arbeidet i klubben. Ein stor del av arbeidet er knytt til disponeringa av dei sportslege budsjetta som blir bestemt på hausten. Her arbeider klubben for å sikre rettferdig fordeling av pengar mellom dei ulike utøvarane. Utvalet diskuterer både budsjett og innkomne saker gjennom året for å kunne ta best moglege avgjerder.

Medlemmer i Sportsleg utval i 2024:

Edel Halle, Eirik Tanberg, Magnus Kringstad, Simen Wifstad og Svein Erik Strand Tønnesen.

Friidrett:

NM inne 17.-18. februar, Steinkjer

7 medaljar

- 2 gull
 - Per Tinius Fremstad-Waldron på 60m
 - Abdullahi Dahir Rabi på 3000m
- 4 sølv
 - 4 x 200m kvinner: Hanna Bakke, Edel Halle, Nora Proctor og Lilje Patey
 - 4 x 200m herrer: Per Tinius Fremstad-Waldron, Mats Hjørnevik, Sander Werge Nilsen og Tobias Bang Gulbrandsen
 - Per Tinius Fremstad Waldron på 200m
 - Edel Halle i lengde u/tilløp
- 1 bronse
 - Edem Agbo i lengde u/tilløp

UM inne 8.-10. mars, Sandnes

16 medaljar

- 7 gull
 - 4 x 200m G15-17: Josh Anthony Bjerke, Thomas Biermann, Mikael Girma Worku og Jonas Rosholt
 - Sander Werge Nilsen på 60m MU23
 - Lilje Patey på 200m J17
 - Lilje Patey på 400m J17

- Jonas Rosholt på 400m G17
- Thomas Biermann i tresteg G17
- Eirik Halfdansen i kule MU23
- 3 sølv
 - Josh Anthony Bjerke på 200m G17
 - Mats Hjørnevik på 200m MU23
 - Sondre Vik i Tresteg MU23
- 6 bronse
 - Christian Wright på 60m G18-19
 - Lilje Patey på 60m J17
 - Josh Anthony Bjerke på 60m G17
 - Mats Hjørnevik på 60m MU23
 - Halvard Fladby på 800m G18-19
 - Halvard Fladby på 1500m G18-19

NM terreng kort løype 20.-21. april, Bjerke

2 medaljar

- 1 sølv
 - Terrengstafett: Simon Steinshamn og Vetle Solbakken
- 1 bronse
 - Terrengstafett: Mari Ruud og Andrea Engesæth

Holmenkollstafetten 4. mai

Herrelaget kom på 5. plass i eliteklassen. Dette er den beste plasseringa på fleire år. Kvinnelaget kom på 11. plass i eliteklassen.

NM friidrett 27.-29. juni, Sandnes

4 medaljar

- 1 gull
- 2 sølv
- 1 bronse

Lene Retzius vann gull i stav, Andrea Engesæth fekk sølv på 3000 meter hinder, 1. laget til herrane fekk sølv på 1000 meter stafett. På laget sprang Edem Agbo, Christopher Nordlie, Stephan Kyeremeh og Leon Douglas. Edem Agbo fekk bronsemedalje på 100 meter.

EM i friidrett 7.-12. juni, Roma

Kasper Sagen kom på 22. plass i spyd med eit kast på 74,50. Lene Retzius reiv tre gonger på sin åpningshøgde 4,25 i stavkvalifiseringa og røyk dermed ut av konkurransen. Weldu Negash Gebretsadik blei nummer 44 på halvmaraton med resultatet 1:05:54

Birkebeinerløpet 15. juni

Weldu Negash Gebretsadik vann Birkebeinerløpet med den gode tida 1:10:58:6.

OL 26.juli-11.august, Paris

Lene Retzius tok seg vidare til finalen i stav, og enda på ein 18. plass.

NM junior 2.-4. august, Bodø

9 medaljar

- 3 gull
 - 1000m stafett KU23: Dorothy Ampong, Mathilde Falck, Lilje Patey og Hanna Bakke
 - 1000m stafett MU20: Josh Anthony Bjerke, Christopher Nordlie, Christian Wright og Elijah Ramirez
 - Lilje på 400m KU20
- 4 sølv
 - Christopher Nordlie på 100m MU20
 - Lilje Patey på 200m KU20
 - Hanna Bakke på 400m KU20
 - Mari Ruud på 3000m KU23
- 2 bronse
 - Tobias Bang Gulbrandsen på 400m MU20
 - Johannes Dalland på 800m MU23

NM stafetter 17.-18. august, Moelv

8 medaljar

- 5 gull
 - 4x100m MS: Edem Agbo, Christopher Nordlie, Sander Werge Nilsen, Stephan Skogheim Kyeremeh
 - 4x100m MU20: Josh Anthony Bjerke, Christopher Nordlie, Christian Wright, Ariand Shegani

- 4x100m G15/16: Carl William Holst, Mikael Worku, Radin Kalbasi, Chinua Albert Macfoy-Hutchinson
- 4x400m KU20: Aurora Langbakk Kristiansen, Sofie Sunde, Mathilde Falck, Lilje Patey
- 4x400m MU20: Zion Ramirez, Elijah Ramirez, Jonas Grüner-Mørck, Jonas Rosholt
- 2 sølv
 - 4x100m KU20: Dorothy Ampong, Lilje Patey, Mathilde Falck, Linnea Kristoffersen
 - 4x400m MS: Tobias Bang Gulbrandsen, Mads Hjort-Larsen, Stephan Skogheim Kyeremeh, Leon Douglas
- 1 bronse
 - 4x100m MU20: Elijah Ramirez, Nicolas Eriksen, Thomas Biermann, Zion Ramirez

UM, 30. august-1. September, Bislett

15 medaljar

- 9 gull
 - 1000m stafett J17-19: Dorothy Ampong, Mathilde Falck, Nora Proctor, Lilje Patey
 - 1000m stafett G17-19: Josh Anthony Bjerke, Christopher Nordlie, Christian Wright, Tobias Bang Gulbrandsen
 - Lilje Patey på 100m J17
 - Christopher Nordlie på 100m G17
 - Lilje Patey på 200m J17
 - Christopher Nordlie på 200m G17
 - Lilje Patey på 400m J17
 - Tobias Bang Gulbrandsen på 400m G18-19
 - Sigurd Smitt-Ingebretsen i Slegge G17
- 4 sølv
 - Christian Wright på 100m G18-19
 - Jonas Rosholt på 400m G17
 - Thomas Biermann i lengde G17
 - Sigurd Smitt-Ingebretsen i diskos G17
- 2 bronse
 - Josh Anthony Bjerke på 100m G17
 - Christian Wright på 200m G18-19

NM terreng lang løype, 13. oktober

1 medalje

- 1 gull
 - Andrea Engesæth på 8 km

EM Terreng 8. desember, Antalya

Andrea Engesæth endte på 52. plass.

Lagserien

Både kvinne- og herrelaget endte på en 5. plass. For kvinnelaget er dette én plassering opp frå i fjor, mens for herrelaget er det ein plassering ned fra i fjor.

På herresiden rykket 2. laget opp til førstedivisjon, mens 3. laget bevarte plassen i 2. divisjon. På kvinnesiden kom 2. laget på en 20. plass i 3. divisjon.

Ungdomsgruppe sprint-hopp-hekk – Trener: Unni Helland

Gruppen har bestått av om lag 20 gutter og jenter med litt blanda nivå og innsats på trening.

NM senior innandørs, Steinkjer

Lilje Lopes Patey 4. 400 m

Thomas V. Biermann 4. tresteg sen + 5 høgde u/t for junior.

4 x 200 m kvinner

nr 2 Lilje L. Patey løp etappe 4.

UM innandørs Sandnes

J- 18/19

Dorothy Ampong 60 m semi, 200 m utslått

J-17

Lilje Lopes Patey 3. 60 m 1. 200 m 1. 400 m

G-16

Mikael Worku 60 m semi, 200 m utslått

Radin Kalbasi 60 m utslått

G-17

Thomas Biermann 1. tresteg 4. lengde

Josh A Bjerke 3. 60 m finale 2. 200 m

G-18/19

Ariand Shegani 8 60m finale (fikk skade)

Thai Drager 4.lengde, 60m og 200m utslått

MU-23

Akshathan Nadarajah 60m og 200m utslått

Sondre A. Vik 2. tresteg, 60m utslått

4 x 200 m stafett G-15/17

nr. 1 (Josh Bjerke, Thomas Biermann, Mikael Worku, Jonas Rosholt)

NM Stafettar Moelv

4 x 100 m G-15/16

nr. 1. lag 1

(Carl William Holst, Mikael Worku, Radin Kalbasi, Chinua Macfoy-Hutchinson)

4 x 100 m M-20

nr. 1 klubbrekord

(Josh Bjerke, Christopher E. Nordlie, Christian Wright, Ariand Shegani)

nr. 3 lag 2

(Elijah Ramirez, Nicolas B. Eriksen, Thomas Biermann, Zion Ramirez)

4 x 100m senior

nr. 1 klubbrekord

Christopher E. Nordlie løp etappe 2

4 x 400m junior

nr. 1

(Zion Ramirez, Elijah Ramirez, Jonas Grüner-Mørch, Jonas Rosholt)

NM senior Sandnes

KS

Lilje L. Patey 7. 400m

MS

Christopher E. Nordlie 100 m semifinale, ingen finale

Josh Bjerke 60 m + 200 m utslått

Ariand Shegani 60 m + 200 m utslått

1000 m stafett

lag 1 nr.2

(Christopher E. Nordlie, 200m + 3 fra andre grupper)

Lag 3 nr. 7

(Ariand Shegani etappe 1 + Johs Bjerke etappe 3)

NM junior Bodø

K U-20

Dorothy M. Ampong 100 m semi, 200 m semifinale

Lilje Lopes Patey 2.200 m 1. 400 m

Mathilde Falck 100 m semi, 200 m semi

M U-20

Christopher E. Nordlie 2. 100 m

Thomas V. Biermann 5. lengde 4. tresteg

Ariand Shegani 8 100 m finale 200 m semifinale

Elijah Ramirez 100 m utslått 200 m semi

Josh Bjerke 100 m semi 200 m semi

Mikael Worku 100 m + 200 m utslått

1000 m stafett U-23 nr 1 (Dorothy Ampong, Nora Proctor,
Lilje Patey, Hanna Bakke)

1000 m stafett G-20 nr. 1 (Josh Bjerke, Christopher E.Nordlie,
Christian Wright, Elijah Ramirez)

UM hovudmeisterskapet Oslo-Bislett

J-18/19

Dorothy M. Ampong 100 m utslått 4. 200 m

J-17

Lilje Lopes Patey 1. 100 m 1. 200 m 1. 400 m

Sofie Sunde 8. 400 m

J-16

Mathilde Falck 5. 100 m 200 m finale DNF

J-15

Linnea Kristoffersen 100 m semi 200 m utslått

Ane Tyssø Lie 100 m utslått

G-18/19

Ariand Shegani 5. 100 m finale 7. 200 m finale

G-17

Christopher E. Nordlie 1. 100 m 1. 200 m

Josh Bjerke 3. 100 m 4. 200 m

Zion Ramirez 100 m semi 200 m semi

Elijah Ramirez 100 m semi

Thomas Viksaas Biermann 2. tresteg 4. lengde

Adil Suleimann 400 m tid avgj.

G-16

Mikael Worku 100 m utslått 6. 300 m hekk

Radin Kalbasi 100 m utslått 9. lengde

Carl William Holst 200 m utslått

Leo Røren 200 m utslått

1000 m stafett J-17/19

nr 1. (Dorothy M. Ampong, Mathilde Falck, Nora W. Proctor, Lilje L. Patey)

1000 m stafett G-17/19

nr 1. (Josh Bjerke, Christopher E. Nordlie, Christian Wright, Tobias B. Gulbrandsen)

1000 m stafett G-15/16

nr. 4. (Radin Kalbasi, Carl William Holst, Mikael Worku, Chinua Macfoy-Hutchinson)

EM U-18 Banska Bystrica Slovakia blei arrangert 18.–21. juli.

J- U 18

Lilje Lopes Patey 400 m semifinale

G- U18

Christopher Ekene Nordlie 100 m semifinale

Stafett 1000 m Jenter

Noreg nr.7 Lilje løp 4. etappe 400 m

Oppsummering

Vi har hatt ein utrulege sesong, med mange personlege rekordar.

Av jentene så er det Lilje Lopes Patey som har vore forgrunnsfiguren med størst framgang. Ho blei tatt ut på Noregs lag til Europameisterskap i Slovakia for U-18 i juli på 400 m, kor ho kom til semifinale og mangla fem hundredelar på finale. Lilje sprang også ein fantastisk etappe på stafetten.

For gutane sin del er det Christopher Ekene Nordlie som har markert seg mest. Han blei også tatt ut til Europameisterskapen for U-18 i Slovakia på 100 m og stafett. Dessverre blei han utslått i semifinalen med 2 hundredelar.

Unni Helland

Mellom/langdistanse Vaksen – Mosjon – Trener: Hassan Bouka

Året 2024 har vore prega av ein del skadar og fødslar. Det har derfor ikkje vore så mykje deltaking i konkurransar.

Mars 2024:

Sesongen begynte i Fredrikstad med Fredrikstadløpet i slutten av mars, der nokre frå gruppa deltok på halvmaraton.

April 2024:

Så kom Sentrumsløpet, der dei fleste var med, enten på arrangørsida og/eller at dei sprang enten 10 km eller 5 km.

Mai 2024:

Mai er ein viktig konkurransemånad, der det blir arrangert fleire gateløp, stafettar og baneløp.

Det begynte med Holmenkollstafetten, der BUL stilte opp med fire lag og alle i gruppa fekk sprunge. Nokre sprang i elitelag kvinner, nokre i elite menn, nokre sprang for veteran herrar medan dei fleste andre sprang for mikslaget flest kvinner.

Fornebuløpet: her var det nokre frå gruppa som deltok.

Fleire har sprunge Rekord-løpet i Lier fleire gonger i løpet av våren.

Juni 2024: eit par deltok i Kristina-løpet i Tønsberg.

Juli 2024: Ingen løp.

August 2024: Ingen deltaking.

September 2024:

Drammen halvmaraton, der mange deltok på halvmaraton og nokre deltok på 5 km. På Oslo maraton deltok mange, enten på heil- eller halvmaraton, eller på 10 km.

Oktober 2024:

Norgesløpet, her deltok ein god del på 10 km og nokre på 5 km.

Hytteplanmila – haustens høgdepunkt – hadde mange deltakande frå gruppa

November 2024:

Vintermaraton, mange tok turen til Jessheim og deltok i både heil-, halvmaraton og 10 km.

I løpet av hausten hadde fleire vore i utlandet og deltatt på ulike gateløp, t.d. Berlin maraton og Frankfurt maraton.

I 2024 har eit par deltatt på baneløp. Vi satsar på at fleire konkurrerer på banen i løpet av 2025.

Sesongen blei avslutta med ein hyggeleg sosial samling under julebord i starten av desember.

Hassan Bouka

Mellom- og langdistanse, trenar: Svein Erik Strand Tønnesen

Sesongen 2024 var eit godt år for mellom- og langdistanse i BUL. Herrelaget til IL i BUL kom på femteplass i Holmenkollstafetten mens damelaget kom på ein fin 11. plass. Begge lag hadde innslag av både juniorar og veteranar, og det er svært gode moglegheiter for å løfte plasseringane for begge lag i 2025.

Det beste resultatet i 2024-sesongen blei sett av Abdullahi Dahir Rabi på 5 km gateløp i Monaco med tida 13:24 som også var norsk rekord for senior. Rabi trener no fast med mellomdistansegruppa i Oslo og har hatt fin progresjon gjennom 2024. Han avslutta sesongen med ny personleg beste på 3000 m med tida 7:50. Av andre 3000 m-resultat kan nemnast Håkon Stavik med 8:12, som melde overgang til BUL i 2024 og dermed gjorde eit gledeleg comeback etter mange år med skadeavbrekk. Ibrahim Buras sprang også ein fin 10 km på 28:59 på våren i tillegg til fleire gode terrengløp i utlandet på slutten av året, etter eit skadeopphald undervegs i sesongen.

Blant jentene sprang Andrea Modin Engesæth veldig fint i 2024 med 9:58 på 3000 m hinder og 16:09 på 5000 m. Andrea tok også NM sølv på 3000 m hinder etter å ha dratt feltet i stort sett heile løpet, i tillegg til NM gull på terrengløp lang løype. Sistnemnde NM gull bidrog også til at ho fekk delta i EM terrengløp for senior i Tyrkia i desember. Mari Roligheten Ruud sprang også fleire fine løp, men satsar på ein endå sterkare sesong i 2025.

På dei kortare distansane blant herrane blei det også sprunge fort i 2024 med 3:45 på 1500 m på både Vetle Farbu-Solbakken og Simon Steinshamn. Rabi sprang ein 1500 m på 3:46 samtidig som Mats Hauge var tilbake med piggsko på beina etter overgang til BUL i 2024. Mats sprang 3:50 på 1500 m i 2024, men har ein så sterk personleg beste som 3:39 og satsar på å nærme seg denne tida i 2025. Sebastian van der Veen, Halvard Grape Fladby, Adrian Stene Olsen og Johannes Dalland kan også nemnast med fine løp og perser på høvesvis 3:51, 3:53, 3:58 og 3:58. Det var også fleire fine resultat på 800 m, m.a. Robin Wathne Nedrehagen med 1:53, Adrian Stene Olsen med 1:56 og Adrian Sevaldstad med 2:02.

Det har i tillegg vore god progresjon og mange fine resultat frå de yngste i treningsgruppa, m.a. Frederik Redigh Stickler (G17) med 9:27 på 3000 m og 4:26 på 1500 m, Inger Russnes (J19) med 4:56 på 1500 m og 10:29 på 3000 m og Aurora Langbakk (J17) med 2:21 på 800 m. Hausten 2024 rykka også fleire jenter og gutar frå ungdomsgruppene til BUL opp til junior- og seniorgruppa for å få betre matching og meir mellomdistansetrening inn mot sesongen 2025.

Totalt er treningsgruppa for 15 år til senior i mellom- og langdistansegruppa opp mot 30–35 relativt aktive utøvarar så det er svært god aktivitet og rekruttering, noko som er gledeleg for miljøet. For 2025 er målet endå betre plassering på Holmenkollstafetten, fleire UM- og NM-medaljar for dei beste utøvarane, i tillegg til kvalifisering og gode resultat i U23-EM.

Svein Erik

Sprint Senior, trenar: Jan Herman Hordvik

INNANDØRS:

På vinterhalvåret var NM-gullet til Per-Tinius Fremstad-Waldron høgdepunktet.

Under UM innandørs var gullet til Sander Werge-Nilsen på 60 m eit flott resultat, med Mats Hjørnevik på bronseplass. Hjørnevik følgde opp med sølv på 200 m og fekk med seg 2 medaljar heim frå UM.

Per-Tinius Fremstad-Waldron persa til 6:74 på 60 meter, Sander 6:91 og Mats til 7:02 og det var dei 3 beste denne innandørssesongen. Stephan Kyeremeh og Bereket Wayu var skada på vinteren og deltok ikkje på nokon øvingar.

UTANDØRS:

Per-Tinius Fremstad-Waldron blei skada i mars månad, noko som medførte at han ikkje sprang nokon stemner på slutten av sesongen og heller førebudde seg til vinterens NM. Tross motgangen har han vore topp motivert under skadeperioden. I dag er han 100 prosent frisk og kan satse 100 prosent. Og med Tinius sin gode innstilling og arbeidsmoral vil nok også vegen tilbake vere kortare enn normalt. Vi ser det er eit stykke fram til der han var hurtigheitsmessig, men vi trur på ein god innandørssesong og håpar han vil slå ut i full blom når utandørs startar.

Stephan Kyeremeh tok 5. plass i NM på 200 m kor det var veldig spesielle forhold: ekstrem motvind i svingen og veldig god medvind på oppløpet. Han sprang greitt på sprinten gjennom sesongen, men vi var ikkje fornøgde. Det mest gledelege er at sidan februar har han for første gang gått 1 år utan skader fram til dags dato.

Hanna Bakke hadde ein veldig god utandørssesong med medaljar på junior-NM, men fall under oppvarminga på Norgeslekene og pådrog seg ein kneskade. Ho fikk beskjed om 1 år utan å kunne trene, men progresjonen går overraskande bra og ho har begynt å springe drag og kan jogge. Dette er over all forventning så det kan forhåpentlegvis bli sesong utandørs i 2025.

Bereket Wayu deltok ikkje i heile 2024 grunna ein skade. Han fått trent mykje betre frå slutten av 2024 av, og vi reknar med han spring for fullt utandørs i 2025.

Theodore Fremstad-Waldron hadde ein svært variabel sesong der resultatene svinga veldig. Ingen framgang sjølv om han var nærme persane på sitt beste. Han gjorde grep etter utandørssesongen var avslutta, og treningsarbeidet har vore bra resten av 2024. Testar etc. tydar på at han går mot framgang og klart betre resultat frå og med innandørs 2025.

Mats Hjørnevik hadde stor framgang på 100 m og 200 m, men vi hadde forventa betre på 200 m utandørs sidan han sprang veldig sterkt og hadde stor framgang på 200 m innandørs. Total sett var likevel 24-sesongen veldig bra for guten. Han trener godt og seriøst, og det har sett veldig bra ut gjennom dei siste månadane av året og vi trur på ytterlegare steg fram i 25.

Mads Hjort-Larsen sprang nesten ikkje frå august fram til midten av desember 2023, men har fått trent godt sidan og det har ikkje vore nokon problem. Han sprang raskare og raskare utover utandørssesongen og persa godt på 100 og 200 m. Mens på 400 m stilte han berre på eitt løp utanfor NM 4 x 400 m. Godt fornøgd med veldig god 200 meter-springing denne sesongen – ein hardtarbeidande gut.

Udoka Madu sprang på det jamne, trener greitt, men har fokus på trenargjeringa si og er ikkje den som satsar mest, av forstålege grunner.

Sander Werge-Nilsen sprang 100 m på det beste på 10:77, litt bak persen sin. Han hadde ein grei sesong, men etter ein super innandørssesong med stor framgang hadde vi forventet betre på 100 m utandørs. På 200 m inne og ute tok han et steg framover. I byrjinga av september reiste han til Bournemouth for fysiostudier og blir der 4 år. Der har han funne seg ei fin gruppe med gode løparar. Og vi håpar han får litt meir ut i sesongen 2025.

Jonathan Holen hadde ein litt skuffande innandørssesong på 60 m, men perser bra på 200 m inne. Då utandørssesongen starta opna han glimrande, perser i sesongopninga på 100 m i motvind og sette også personleg rekord på 200 m i opninga. Ei veke seinare fekk han akillesproblem og guten sprang nesten ikkje fram til NM kor han sprang sesongens 3. løp og sette ny pers igjen. Det er heva over tvil at utan den skaden ville han hatt mykje større framgang på 100 m. Jonathan drog til Boston, USA for å fortsette økonomistudiet i starten av september. Han trener av og til med andre, men litt vanskeleg sidan friidrett er skulerelatert i USA og hans skule har ikkje friidrettsgruppe. Han får treningsprogram frå meg, og får gjort ein del av dette.

På stafettane hadde gruppa deltakarar på 4 x 200 m innandørs, kor det blei sølv i NM, det blei også NM gull på 4 x 100 m for senior og sølv på 4 x 400 m utandørs.

Oppsummering;

Det var ein del positivt, men også ein del vi ikkje er fornøgd med frå spesielt utandørssesongen, så vi kjem til å korrigere litt for å få ein betre innandørssesong i 2025 enn kva vi følte vi fekk ut i sesongen 2024 utandørs. Vi kan konkludere med at det var ein middels sesong i 2024 ute og veldig bra sesong innandørs 2024.

Sander Myrvang (frå Tjalve), Elijah Ramirez (opp frå junior-gruppe), Christian Wright (opp frå junior-gruppe) og Zion Ramirez (opp frå junior-gruppe) er nye i gruppa frå oktober av. I tillegg har Ida-Louise Øverland som er para-utøver meldt seg inn i BUL og ho har trent heile 2024 med gruppa.

Til slutt vil eg seie at det er ein fin og motivert gjeng å arbeide med, og dei er alle med på å skape eit godt miljø.

Jan Herman

Sprint senior, trenar: Quincy Douglas:

Innandørs:

Sesongen begynte bra med Erik Hagen og Leon Douglas i aksjon i dei fleste store innandørsstemner: Bassen Sprint, Tyrvinglekene inne, NM inne og Gøteborg. Leon Douglas persa seg til 48,90 inne og Erik Hagen 7.00 på 60 meter.

Thomas Graftås hadde helsemessige utfordringar og fekk berre eitt løp (7.30).

Etter innandørs blei Thea Pedersen ein del av gruppa, noko som var bra for henne og oss. Hyggeleg med ei jente i gruppa og ho tilpassa seg fort. Dessverre hadde hun også sine utfordringar med ein del mindre skadar, men er no tilbake i trening. No skal ho jobbe seg sakte tilbake til nivået hennar som er 7.75 på 60 meter og 12.10 på 100 (målet er 11.60 på sikt).

Vi drog på påskeleir og hadde eit veldig godt utbytte av det. Leon og Thomas viste gode takter og spesielt Leon gjorde store framskritt. Sprang seg ned til 15.7/22.1/33.5 (alt manuelle tider på trening). Sleit litt med toppfart berre 3.10 på 30 meter flying.

Thomas var ikkje 100 % og måtte trene deretter.

Utandørs: Sesongen begynte bra for Erik Hagen og Leon Douglas. Begge deltok på stemner der Leon var mest aktiv med stemner i store deler av landet og med ein opptur då han blei tatt ut på landslaget på 4 x 400 m stafett. Laget sprang der 3,1. Pers blei det også på 150 meter i mai (16,72).

Hagen sprang ein del løp like over 11 sekund og vi merka at 10-tallet var «like rundt hjørnet».

Midtsommars sprang Leon like bak 400-persen med tida 47,89. Sesongen på 400 meter ble noko under pari, men det blei sett solide persar på 100/200/300 (11.41/22.03/34.14).

Hagen kom seg til semifinale på 100 meter i NM med flott pers 10.85!

Leon blei nr. 4 i finalen på 400 meter under svært dårlege forhold.

Sølv på 1000 meter stafett i NM.

Mot slutten av sesongen sprang Leon 22,03 på 200 og persa seg då ned frå 22,35. Ein skadefri og fin sesong på Leon som frå hausten 2024 har satsa fulltid på springinga.

Vi tok fri store deler av september og frå 1.10.24 begynte vi å samkøyre spenstøker med Sander Skotheim og hans trenar Erik Røe. Dette har vore klart merkbart på alle måtar i form av testar osv. M.a. 2.97 på 30 meter flying medio november på leir.

Hagen sprang 2.82 flyng også i medio november.

Følger opp Erik Hagen og Leon Douglas kvar dag med økter og er til stades på 5 økter i veka.

Quincy.

BUL-Veteran, trenar: Quincy Douglas

Gjengen fungerer veldig bra. Ei fast kjerne på 8–9 stk. Nokon kjem og går, og det er stadig fleire som vil vere med. Eg er til stades meir eller mindre kvar tysdag, i tillegg til 3–4 stemner i året. Det er hyggeleg at også to kvinner har blitt med.

Quincy

Sprint ungdom, trenar: Udoka Madu

Året 2024 gav fleire gode resultat for gruppa. Innandørssesongen starta bra med fleire persar. Tobias Bang Gulbrandsen såg 21-tallet på 200 m og 48-tallet på 400 m for første gong. Nora Proctor såg 7-tallet på 60 m på for første gang.

Utandørssesongen starta med pers for Nora, kor ho sprang seg ned til 12,48 og senka den gamle rekorden hennar med 3 tidelar. Nora fekk fjerde plass på 100 m i UM på Bislett, og var også med på stafettlaget som tok gull.

Tobias hadde eit skadeavbrekk etter innandørssesongen, men kom seg tilbake på banen mot slutten av utandørssesongen. Det blei bronse i Jr-NM, og han blei tatt ut til nordisk juniorlandskamp. Under UM på Bislett blei det siger med tida 47,93, pers med 1 sekund og høgt opp på lista for g18 i Noreg gjennom alle tider. Han var også med på stafettlaget som tok gull.

Jonas Mæland Rosholt fekk omsider sprunge stemner denne sesongen etter problem med ryggen. Han sprang inn til siger i heatet sitt på Norgeslekene, første gong han sprang 400 m, og forstod at det er ein distanse som passar han bra. Under UM persa han med eit halvt sekund, og var nære å sjå 51-tallet den andre gongen han sprang distansen. Jonas og Tobias er gode treningspartnarar og pushar kvarandre godt på trening, og ein ser at Jonas har ein del meir å gå på, spesielt på 400 m.

Tida Sanyang kom tilbake frå utveksling på sommaren og er tilbake i god trening igjen. Det blir spennande å sjå kva ho kan få til med god trening i kroppen. Ho og Nora er gode treningspartnarar, og trener veldig godt saman.

Etter utandørssesongen har gruppa fått tilskot av nye medlemmer. Blant andre har Tobias og Jonas fått seg ny treningspartnar i Jonas Rosholt. Denne 400 m-/400 m-hk-gjengen passar veldig bra saman, og pushar kvarandre godt på trening.

Udoka

Treningsgruppe – Magnus Kringstad (vår 2024)

Adrian Sevaldstad hadde ein god sesong med pers på 800 m frå 2.04 til 2.02, og på 1500 m frå 4.28 til 4.19. Han blei sendt vidare til Svein Erik si gruppe etter utandørs for å kome inn i eit meir reint mellomdistanse-miljø.

Christian Wright hadde ein veldig fin sesong, utan skader. Persa på 60 m innandørs frå 7,09 til 7,08. Utandørs persa han på 100 m frå 11,03 til 10,87, og på 200 m frå 22,35 til 22,05. Tok sølv på 100 m i UM og blei tatt ut til å springe stafett under nordisk juniorlandskamp. Han blei sendt vidare til Jan si gruppe for å få eit større sprintmiljø rundt seg, og for at Jan skal ta seg av oppfølginga vidare.

Dina Rosenvinge Aasen har slitt med samanhengande skadeavbrekk i snart 2 år som følge av fleire ulike skader. Ho er no tilbake i så å seie full trening. Ambisjonen er å kome i gang med konkurransar i mai/juni og deretter springe raskare og raskare utover sommaren.

Jonas Mæland Rosholt hadde ein kjempebra sesong. Innandørs persa han frå 7,54 til 7,24 på 60 m. Utandørs persa han på 100 m frå 11,55 til 11,26. på 200 m frå 22,82 til 22,66, på 400 m frå 50,82 til 49,25. Tok sølv på 400 m i UM. 400 m hekk var likevel hovudøvinga. Her persa han frå 57,20 til 54,22 på 84-hekkane. På 91-hekkane persa han frå 62,09 (2022) til 55,39. Han kvalifiserte seg også til U18 EM i Slovakia på 400 m hekk, der han kom seg til semifinalen. Etter sesongen blei han sendt vidare til Udoka si gruppe der det er eit større langsprintmiljø.

Nicolas Alexander Baranyi Eriksen hadde ein fin sesong med pers på 60 m innandørs frå 7,18 til 7,15. På 100 m frå 11,17 til 10,99, og på 200 m frå 22,57 til 22,44. Etter utandørs drog Nicolas til Spania for å studere, men har framleis friidrettssatsinga og trener med ein spansk klubb i Madrid.

Sigurd Fergestad fekk dessverre ein kortvarig sesong med strekk i eit av dei første stemna. Han kom seg aldri tilbake etter dette og la piggskoa på hylla før innandørssesongen for å starte opptreninga til militæret.

Magnus

Spydgruppa, trenar: Åsmund Martinsen

Spyd er ei skadeutsett øving og ein er sjeldan så heldig at ein kommer seg igjennom ein heil sesong utan problem. Det var dessverre slik også førre sesong. Begge gutane viste tidvis gode takter, men med manglande kontinuitet uteblei de store resultata. Best blei Ruben som missa NM-kravet med fattige 8 cm i siste kvalifiseringsmoglegheit.

Vi er i full gang med oppkøyring til neste sesong og kjem sterkare tilbake.

Åsmund

BVT-SESONGEN 2024, leiar: Kjetil Myklebust

Eit nytt år er lagt bak oss – og vi er allereie godt i gang med sesongen 2025 når oppsummeringa av fjoråret blir skrive her. Vi må starte med at året 2024 såg ein fin tilvekst i gruppa der både fotball, handball og BUL-Ung fekk nye deltakarar i løpet av året. Særleg gledeleg er veksten i handballgruppa som no er større enn på fleire år, men plass til fleire er det. Heldigvis har vi fleire fotballspelarar som elsker handball også, noko som har ført til at gruppa igjen har fått ei stabil treningsgruppe.

Handball-gjengen vår spelar haust-vår-sesong og er no inne i avsluttande fase av 2024/25-sesongen, men dei første fire serierundane har vore ein opptur der nye spelarar har funne sin plass på bane og dei eldre har blomstra i lag med dei nye. Stødig leia av Anett. Men vi treng fleire trenarar då vi i løpet av 2024 måtte seie farvel til ein av våre stødige trenarar for både handball og BUL-Ung.

For fotballaga våre blei og 2024 ein stor suksess. Med to lag i alt av serie og cup har det vore mykje fotball på gjengen dette året. I seriespelet stakk BUL 1 av med ligagull for andre år på rad etter ein botnsolid sesong. På VIVIL-lekene stakk begge våre lag av med den store gullmedaljen. Der blei Ole Corneliusen matchvinnar i finalen for BUL 2 til stor jubel, før BUL 1

få minutt seinare sørga for The Double mot heimefavoritt VIVIL.

Årets høgdepunkt var nok ein gang Landsturneringa. I år heilt oppe i Bodø. 30 menn og kvinner telte vår store gjeng, inkludert alle. Her hadde vi tre fantastiske dagar der det blei både fjelltur, museumstur, shopping og opningsshow den første dagen. Deretter følgde to dagar spekka med kampar, inkludert ein bankett mellom dagane. Det er her oppe vi også får sett nivået på fleire av laga og heller ikkje i år fekk vi med oss den store pokalen frå Landsturneringa. Men alle våre tre lag leverte fleire strålande kampar og fekk med seg både singlar og tap. BUL 1 var uansett nærmast og sikra seg ein tredjeplass etter å ha slått Namsos 3–0 i bronsefinalen.

Ei fantastisk helg var det uansett, og kanskje den beste landsturneringa gjennom tida. Underteikna tar også av seg hatten for korleis spelarane våre representerer klubben på ein så god måte gjennom tre intense dagar med mykje folk, venting, kaos og aktivitet. Det kan lett bli litt mykje for enkelte når ein er samla i så tett lag gjennom så lang tid, men gjengen vår viser på slike turar det gode samhaldet der ein blir inkludert og tatt vare på av alle.

I 2025 går turen til Bergen, og førre gong vi var der tok handballaget vårt sitt første gull i Landsturnering. Kanskje det vil skje noko stort der i 2025 og?

For 2024 må det også sendast ein ekstra stor takk til Erlend. Fotballtrenaren som gjennom året har stått mykje aleine for treningane grunna sjukdom og mangel på trenarar. Han har gått inn på BUL-Ung og leier denne med stødig hand, saman med Anett, som også har måtta klare seg ein del aleine med handballaget sitt.

Takknemlege som vi er, kan ikkje denne rovdrifta halde fram, så vårt største håp for 2025 er faktisk at vi får fleire trenarar på plass. Det fortene både dei og spelarane våre.

Kjetil

Langrenn 2024:

Oppsummering langrenn kjem i endeleg versjon.

Sportsleg oppsummering 2024

Barnegruppe 2011-2012

Treningsåret 2024 var, som i 2023, svært vellykka. Før sommaren delte vi opp gruppa, (nokre var med Nicolas, Sander og Mats), for å få meir individuelt tilpassa trening. Gruppa er variert når det kjem til utvikling og ambisjonar, derfor var det positivt å kunne dele gruppa i denne perioden. I haust slo vi gruppene saman igjen, og Adrian, Mats og Christoffer begynte som trenarar for gruppa, i tillegg til Edel. Dette har vore veldig positivt og treningane blei meir varierte. Adrian hadde mellom anna ei gruppe med langdistanse/intervall, som var veldig populær. Barna viser stor løpeglede, progresjon og tar til seg beskjedar. Elles har vi halde fram med mykje sprint, hekk og lengde. Alle utøvarane har vist framgang frå i fjor, spesielt teknisk. Stadig fleire tør å utfordre seg sjølve i dei tekniske øvingane. Dei nye har også vist rask framgang og passar godt inn i gruppa. Det er veldig gøy å sjå at alle blir sterkare og raskare, samtidig som dei viser idrettsglede på trening.

Fleire deltar i konkurransar enn tidlegare. Om lag halvparten konkurrerer fast. Vi har også stilt med nokre stafettlag i løpet av 2024, og kjem til å fokusere meir på dette i 2025.

Alt i alt, var 2024 ein super sesong, både på trening og på konkurransar. Alle har utvikla seg masse som utøvarar, og vi trenarar gler oss til å følge utviklinga deira vidare.

Edel, Adrian, Mats og Christoffer

Barnegruppe 2013

Treningsåret har alt i alt gått veldig greitt. Det er godt miljø i gruppa og nye medlemmar blir tatt godt imot. Barna er engasjerte og har fine, personlege eigenskapar. Framover ønsker vi å fokusere meir på tekniske øvingar.

Det er grei deltaking på stemne, der dei same 5-8 stykk konkurrerer.

Vi har slite med forseintkommingar og uro, spesielt blant jentene. Dette går utover tida til dei andre i gruppa som gjerne vil setta i gang. Vi har tatt dette opp med utøvarane og vi kjem til å kontakte foreldra viss dette ikkje betrar seg.

Bortsett frå dette, har perioden vore fin og gruppa har fungert godt.

Tida, Johanna og Ariand

Barnegruppe 2014

Vi har hatt varierende oppmøte og motivasjon i gruppa gjennom treningsåret. Nokre av utøvarane viste treningsglede og utvikling, medan andre var mindre interesserte, noko som til tider påverka treningsflyten. Vi har også hatt utfordringar med forseintkommingar. Dette fører til at vi kjem seinare i gang og det påverkar gjennomføringa av øktene.

Trass i desse utfordringane, hadde vi mange fine treningar, der ungane fekk prøve eit breitt spekter av øvingar. Utøvarane fekk prøve seg på både høgdehopp, lengdehopp, intervall og andre varierte og morosame aktivitetar. Dette skapte engasjement og utøvarane lærte seg grunnleggande friidrettsteknikkar.

Deltakinga på stemne var låg. Nokre av utøvarane deltok på sommarstemnet til BUL, men utover dette var det ingen som konkurrerte .

Sjølv om vi hadde nokre utfordringar med oppmøte og motivasjon, ser vi at dei som deltok aktivt, viste framgang. Vi håper å bygge vidare på dette i kommande sesong.

Adrian, Elijah og Eden

Barnegruppe 2015

2024 var både spennande og utviklande for gruppa. Gjennom variert trening forbetra dei teknikken sin i både løp og leik og fleire sette nye personlege rekordar. Barna deltok i fleire konkurransar, kor dei viste framgang og kor dei lærte å handtere konkurransesituasjonar. Lagånda var sterk, og barna støtta kvarandre både på trening og i konkurransar, noko som har skapt eit positivt miljø. Vi ser frem til å fortsette utviklinga i åra som kjem, med fokus på både teknikk og mental styrke.

Dorothy, Lilje, Zion og Isa

Barnegruppe 2016

2016-gruppa har hatt eit veldig fint år med god motivasjon og ei positiv stemning i gruppa. Det har vore ein variert treningskvardag der me har vore innom mange ulike øvingar, men spesielt har me fokusert mykje på høgdehopp og stafettløp. Me har også fått inn to gutar frå 2014-kullet, då dei skilde seg ut som ivrige og flinke utøvarar. Overgangen har gått veldig fint, og dei har vorte godt integrerte i gruppa både sosialt og treningsmessig.

Ein viktig del av treninga vår har vore tidleg introduksjon av intervalløker. Me ser dette som ein sentral del av utviklinga og meiner det gir eit godt grunnlag for vidare framgang. Framover vil me leggja meir vekt på konkurranseførebuaende trening. Me ønskjer å gi utøvarane eit betre grunnlag for å prestera i konkurransar gjennom spesifikke øker og meir fokus på teknikk i dei tekniske øvingane.

Alt i alt har det vore ein svært god periode for 2016-gruppa, og me ser fram til vidare utvikling og meir konkurranse framover.

Eden og Adrian

Barnegruppe 2017

Gruppa er ein livleg gjeng, og friidrett er nytt for dei fleste. Det er lite fråvær, flesteparten møter opp kvar onsdag. Eit par stykk slutta i løpet av hausten. Vi leikar og spring mykje, etter ønske frå barna. Stafett er populært. Vi har også hatt en del høgde – og lengdehopp.

Framgangen i løpet av hausten var ganske god, etter kvart som barna vende seg til at dei var på trening. Har ikkje fått nokre klager, så det verker som om dei trivst.

Anne Marie og Lars

Barnegruppe 2018/2019

Vi starta med treningar i august. Dei første vekene fokuserte vi på å lage ei trygg treningsgruppe kor barna ble kjende med kvarandre og oss trenarar. Vi var tydelege med kva reglar som gjeld på trening (vere stille når trenarane snakkar og at dei berre kan opphalde seg der vi har sagt det er lov), og brukte litt tid på å øve på reglane. I denne perioden fekk vi også testa ut kva nivå vi skulle legge oss på under treningane.

Gjennom året har vi vore innom løp, hopp og kast, og fokusert på grunnleggande motoriske ferdigheiter. Vi har prøvd å variere treningane, slik at vi får prøvd alle dei ulike øvingane i friidrett. Dette syntest barna var gøy. Særleg kastøvingar og stafett er morosamt. Sjølv om barna er små, får dei til overraskande mykje. Eitt eksempel er at dei fint klarer å starte løpet frå tre-punkts start og reagere riktig på "klar" og eit klapp. Det har til og med gått fint å starte frå startblokk.

Den største utfordringa har vore å planlegge treningane inne, sidan det er vanskeleg å vite kva område som er ledige. Mykje støy og til tider liten plass, gjorde det vanskeleg å gjennomføre treninga slik vi hadde planlagt. Særleg med tanke på leik, og at det å måtte stå i kø og vente skaper mykje uro. Vi opplever likevel at barna synest det er gøy på trening, og at dei gler seg til å komme tilbake.

Hanna og Maybel

Årsmelding for målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo 2024

På årsmøtet i Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) våren 2024 vart Håvard Tangen, Marie Nicolaisen og Olav-Johan Øye valde inn i målnemnda til laget.

Arbeidet har først og fremst vore knytt til laget sine aktivitetar og samarbeidspartnarar. Vi samarbeider med andre lag og organisasjonar om ulike tiltak i Oslo, blant andre Fylkesmållaget Vikværingen.

Vi skulle gjerne hatt fleire med i nemnda, og fleire medspelarar i laget og forretningane, og dermed fått gjort meir. Men vi har møtt mykje velvilje for målarbeidet og for nynorsken.

Målbruken i laget

Nynorsk vert i stor grad brukt på ein god måte på nettsidene og Facebook-sidene til Bondeungdomslaget, Songlaget, Teaterlaget, Leikarringen og Nynorskens hus. Dette er av verdi for å ta vare på det nynorske språket i laget, og har noko å seie for å gjere nynorsken synleg i kulturarbeid i Oslo.

Målnemnda oppmodar særlega om å bruke nynorske tekster når stykke og repertoar vert valt, og i kommunikasjon elles.

Målnemnda sitt arbeid for laget

Vi minner om at målnemnda kan vere til hjelp når det gjeld praktisk rådgjeving i laget. Vi kan etter kvart tilby kurs når vi veit at vi kan få deltakarar etter å ha gjort konkrete avtalar med særslag og styre.

Målnemnda hjelper meir enn gjerne til med å rette og setje om dokument frå bokmål til nynorsk.

Målnemnda har i 2024 hjulpet einskildpersonar og lag som har ynskt hjelp til omsetjing til nynorsk eller korrektur. I 2024 har dette til dømes vore Songlaget.

Vi ser fram til å høyre frå andre som søker hjelp til å få betra nynorsken sin.

Målbruken i forretningane

Vi er glade for at Hotell Bondeheimen og Kaffistova sluttar opp om nynorsken. Det ser no ut til å vere ein del av profilen, og framleis lite kontroversielt.

Tilskipingar og tiltak

Det har diverre ikkje vorte halde kurs i 2024. Vi er òg noko uvisse på kor stor interessa for slike kurs er i laget.

Vi har vore med på Norske målstemna 7. september på Litteraturhuset med emnet forfattaren Olav Nygard (der Ronny Spaans, Mona Grenasberg, Erlend Skjetne og Klaus Johan Myrvoll innleidde).

Jakob Sande-kvelden 10. april med Ove Eide og mange andre skipa vi til saman med Samlagsrota, Oslo mållag, Den mangfaldige scenen, Vikværingen og Bondeungdomslaget.

Saman med desse skipa vi også til Haldis Moren Vesaas-kvelden 30. oktober med Olav Vesaas og mange andre.

Det var kjempestort frammøte både kveldane.

Visjon

Målnemnda ønskjer å ta vare på den nynorske delen av kulturarven, og vil arbeide for å gje rom til nynorsk i Oslo og gjere det lettare å vere nynorskbrukar i hovudstaden. Vi ønskjer at det vert fleire nynorskbrukarar i Oslo.

Vi vil motivere til god nynorsk i Bondeungdomslaget sine forretningar og lagsarbeid, og samarbeide med nærskylde organisasjonar om nynorsk kulturarbeid.

For målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo

Olav-Johan Øye

24. februar 2025

Røkleivhytta **Årsmelding 2024**

Hyttestyret

Hyttestyret har vore Vigdis Rønning, Sveinung Helgheim, Olaf Almenningen og Tormod Bønes (leiar).

Utleigeaktiviteten

Hytta har i 2024

- vore utleigd 41 døgn (+24 %)
- hatt 523 gjester (+26 %)
- med totalt 840 gjestedøgn (+24 %).

I 2024 har det vore ein god oppgang i bruk av hytta frå året før. Gjestene som har brukt hytta i 2024 har vore eksemplariske med god opprydding etter seg, utan skadeverk eller større slitasje. Det kan nemnast at Hyttestyret har hatt nokre turar til gjester som ikkje straks fann seg til rette på hytta. Hyttestyret har gjennomført synfaring etter kvart besøk.

Oppgradering

Det har i 2024 ikkje blitt gjennomført større oppgraderingar av Røkleivhytta. Istandsetjing av badstova som vi både hadde budsjett for og som vi hadde avtale med byggmeister om slutføring, blei diverre ikkje gjennomført. Anna arbeid som var avtala med byggmeister Bjerke på hausten blei utsett til over nyåret. Istandsetjing av sofagruppe og ikkje minst nedlegging av skiferheller rundt peisen er blitt utført på nyåret.

Drift

Tekniske installasjonar er vanlegvis ei stor lette ved bruk av hytta. Men også i 2024 svikta NOBØs fjernkontroll for det elektriske anlegget mange gonger. Dette førde med seg at Hyttestyret hadde fleire turar til hytta for installasjon av appen og restarta «hubben».

Her vil Hyttestyret spesielt nemna Arne Nordvi som både i 2024 og 2025 har utført reprogrammering, restarting og ikkje minst montering av eit tidsur. Tidsuret vil kvart døgn kople av anlegget og restarta «hubben» utan at nokon er fysisk på hytta.

Elektroinstallatør var i 2024 på hytta for å kontrollera heile det elektriske anlegget. Den relativt nye sikringstavla i kjellaren måtte oppgraderast og naudsynt ny jording av hytta er avtalt i 2024 og skal gjennomførast sommarhalvåret 2025.

Dugnad

4. juni hadde vi veddugnad saman med foreningen Ryggsekken, og på hausten vart nye lass med tørr ved plassert i uthuset.

2. november hadde vi dugnad med vekt på reingjering av alle soverom og skifting av madrasser. I tida som følgde fekk vi hyggelege tilbakemeldingar om at sovesalane var i utmerka stand.

Hyttedagen

Laget markerte 125-års jubileum i 2024, og på open hyttedag 16. juni rigga administrasjonen til med spel, leikar og natursti for både stor og liten.. Tradisjonen tru, serverte Hyttestyret vaflar, kaffi og saft.

Oslo, 1. mars 2025

Tormod Bønes

Årsmelding for Bondehytta 2024



Vi blei berre 3 medlemmer i hyttestyret i 2024

Hytta vart leigd ut 13 gonger, dei fleste til skuleklassar. Dessverre blei det 2 gonger leigd ut til folk som hadde planlagt fyllefest.

17. august inviterte vi og «BUL OSLO 125 år» til hyttetur. Vi serverte vaflar og viste ein gamal film om BUL og hytta, og fortalde historier.

Vi fekk til 1 dugnad på hausten. Då kom vi i gang med å rydde plass til å lagre stillas, og kappa kratt ned mot vatnet. Ein dugnad i juni blei avlyst på grunn av kollisjon med utleige til skole.

Vi oppdaga at vi har fått rote under takskjegget på begge sider av taket. Reknar med at det kjem etter mange fuglereir der gjennom mange år.

Internt bruk: Nokon i frå Leikarringen har registrert 2 turar. Vi i hyttestyret har hatt ein del turar.

For å kunne halde hytta ved like framover er vi avhengige av at folk vil stille på dugnadar, og hyttestyret vil prøve bli flinkare til å kalle inn til dette i god tid.

Styret har i 2024 hatt desse medlemene:

Rune Bergwitz (leiar)

Anne Cathrine Johansen

Klas Ekeland



Klas ryddar krattet ned mot vatnet



Ryddesaga må slipast

ÅRSMELDING 2024 FRÅ RÅDET I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

Etter årsmøtet i 2024 har rådet hatt desse medlemmene: Kari Bjørke (ordfører), Sveinung Lindaas, Sveinung Helgheim, Vivian Brattsti Sørensen, Vidar Lund, Vigdis Rønning, Elise Haugsten, Karianne Johansen, Magnhild Kaasin (1. vara) og Håvard Thorsby (2. vara).

Oppgåvene til rådet er å ha tilsyn med økonomien i Bondeungdomslaget, særlega og økonomiske tiltak som laget eig eller er med i. Rådet skal gi tilråding om lagsbudsjettet og rekneskapen etter § 10 i lagslova. Det er rådet som lenge har godkjent konsernrekneskapen for Bondeungdomslaget, på grunnlag av rekneskapane for forretningane og årsmøtevedtak om rekneskapen for laget og særlega. På årsmøtet i 2024 blei lova endra slik at det framover er årsmøtet som godkjenner konsernrekneskapen, etter tilråding frå rådet.

I enkelte tilfelle tar rådet opp andre typar saker som styret legg fram, eller tar initiativ til å ta opp egne saker. Rådet er, saman med lagsstyret, generalforsamling for Bøndernes Hus AS.

Dei siste åra, inkludert 2024, har det vore ei krevjande økonomisk tid i Noreg og rådet har difor vore opptatt av korleis dette har påverka laget og forretningane. Straumprisane har minska ein del frå føregåande år, men har vore eit usikkerheitsmoment. Vidare har generell høg prisvekst og renter påverka kjøpekrafta negativt, noko som har gått ut over butikkdrifta. Krona held fram med å vere svak noko som dels har vore ein fordel for hotellet som har hatt høgt belegg med utanlandske turistar, men vore ei utfordring for Solhjell, som har ei produksjonsbedrift i Estland. Kaffistova har hatt ei god utvikling i 2024, men har opplevd utfordringar med sjukefråvær og arbeidsmiljø, noko rådet også har vore opptatt av. Alt i alt har forretningane gjort det bra og det har ikkje vore bekymring i rådet.

Året 2024 har vore eit jubileumsår for BUL (125 år) og det har difor vore semje om å bruke ein del pengar og menneskeleg kapasitet på dette. Likevel har laget brukt mindre enn budsjettet, delvis pga. påmelding/oppmøte, men også fordi enkelte hendingar tok ei retning som var mindre kostbare enn budsjettet. Laget har også hatt auka utgifter knytt til prisveksten, men likevel valt å ikkje auka medlemskontingent. Leigeprisen blei auka litt i 2024, men BUL ynskjer likevel å tiltrekke seg frivilligheit og ikkje-kommersielle aktørar og difor vere eit nok så rimeleg alternativ på marknaden.

I fleire år har laget, i samråd med rådet, vore forsiktig med pengebruken og også i 2024 var ikkje målet at vi skulle bruke like mykje med budsjettet, om det ikkje var naudsynt.

Rådet er nøgde med at både lagsstyret og styret for forretningane har arbeidd med å halde fram drifta på ansvarleg vis.

Ei av sakene forretningane drøfta med rådet i 2024 var at Bøndernes hus ynskja å fusjonere Heimen Husfliden AS inn i Bøndernes hus AS. Dette blei vedtatt på ei omfram generalforsamling i september.

Rådet har hatt fire ordinære møte i arbeidsåret 2024–2025 og to generalforsamlingar. Det har vore greitt oppmøte, og rådet har vore vedtaksført på alle møta.

Sak 2: Årsmelding for 2024

1. Tillitsvalde i 2024

1.1 Styre

Etter årsmøtet i Teaterlaget i 2024 satt desse i styret:

Leiar:	Endre Flatmo
Styremedlem:	Lena Reksnes Sanne
Styremedlem:	Silje Dahl
Styremedlem:	Heidi G. Einarsrud
Styremedlem:	Håvard Thorsby
Varamedlem:	Sunniva Vikøren
Varamedlem:	Eileen Røsholt

1.2 Valnemnd

Margrethe Kollerud Overskott, Vivian Brattsti Sørensen og Kjell Åsmund Sunde satt i valnemnda fram til årsmøtet i 2025.

1.3 Styrearbeid

Styret har hatt regelmessige møte i 2024, i tillegg til elektronisk kontakt. Styrearbeidet har stort sett vore knytt til dei pågåande og kommande produksjonane, i tillegg til økonomisk og generell drift av Teaterlaget. Ein anna viktig del av arbeidet har vore å vere eit kommunikasjonsledd mellom instruktør og resten av Teaterlaget, og mellom lagskontoret og Teaterlaget.

2. Teaterlaget

2.1 Medlemstal og medlemskap

På slutten av 2024 hadde Teaterlaget 24 medlemmar.

2.2 Teaterlaget sin visjon

Teaterlaget skal vere eit leiande, nynorskspråkleg amatørteaterlag i Oslo som er opent for alle, uavhengig av bakgrunn og erfaring.

2.3 Økonomi

Økonomien er i hovudsak knytt til Teaterlaget sine to årlege produksjonar. Produksjonane og den generelle drifta av Teaterlaget er finansiert av særlagsstønad frå Bondeungdomslaget i Oslo, medlemspengar, billettinntekter og ekstern stønad.

Økonomien i laget er god. Stønad frå Kulturdirektoratet si tilskotsordning for amatørteater har vore viktig dei siste åra.

Rekneskapan for 2024 for Teaterlaget er så og si i balanse. Dette til tross for at ein hadde budsjettet med eit underskot på omlag 30.000,- for å investere i nye scenografiveggar. Grunnen til at underskotet likevel ble så lite skyldast blant anna økt billettsal og mindre utgifter på ein del av dei andre postane.

På grunn av den urolege situasjonen i verda valde Teaterlaget i 2024 å donere alt av inntekter frå kiosksal til «Leger uten grenser.» Totalt blei dette omlag 9000,-.

Budsjettet for 2025 er lagt opp til å gå i balanse utan større investeringar. Det er likevel alltid ein risiko for at bidrag frå eksterne eller billettsal blir lågare enn budsjettet som kan skape eit underskot som må tas frå eigenkapitalen. Med ein solid eigenkapital er det likevel ikkje noko som medfører ein akutt risiko for laget.

Det økonomiske målet for produksjonane skal vere å gå i balanse. Eventuelt overskot eller underskot blir overført/dekt av eigenkapitalen.

3. Aktivitet i 2024

Teaterlaget sin aktivitet i 2025 bestod av to produksjonar og det sceniske og praktiske arbeidet rundt desse. I tillegg var fleire medlemmar i laget involvert i ei BUL si framsyning «Natt på BUL» i høve 125-årsjubileet til BUL og Oslo Kulturnatt.

3.1. *Reft i lomma*

Regi: Fredrik Elfstrand

Manus: Michael Cooney

Premiere: 01.06 (x2)

Framsyningar: 02.06, 03.06, 04.06, 05.06, 06.06 og 07.06.

Omsetjar: Runar Borge

Omsetting til nynorsk: Kjell Åsmund Sunde

Lys og lyd: Jøran Normann og Fredrik Elfstrand

Tal på besøkande: 235

I denne fartsfylte og populære farsen av Michael Cooney møter vi Erik Bruun som har svindla trygdesystemet ved å dikte opp ein masse leigebruarar med den eine skavanken verre enn den andre. Når trygdeinspektør Fylking bankar på døra for å sjekke forholda startar ein enorm og stadig meir komplisert operasjon for Bruun, i eit håp om å unngå å bli avslørt.

Framsyninga hadde dei beste publikumstala i laget sidan 2016.

Framsyninga blei spelt av to sett.

Skodespelarar:

Gruppe 1

Erik Bruun: Håvard Thorsby
Norman Bassfjord: Endre Flatmo
Linda Bruun: Eileen Røsholt
Fylking: Henri Aasen
Onkel Georg: Terje Svindseth
Fjeldstad: Camilla Hole
Sally Fagerland: Heidi G. Einarsrud
Doktor Bjartvold: Emil Stenstad
Kaupang: Kari Aniksdal
Brita-Lill: Anne Cathrine Johansen

Gruppe 2

Erik Bruun: Håvard Thorsby
Norman Bassfjord: Endre Flatmo
Linda Bruun: Silje Dahl
Fylking: Vivian Brattsti Sørensen
Onkel Georg: Terje Svindseth
Fjeldstad: Ammar Banewais
Sally Fagerland: Sunniva Vikøren
Doktor Bjartvold: Amalie Dalaker
Kaupang: Lena Reksnes Sanne
Brita-Lill: Margrethe Kollerud Overskott

3.2 Rasjonelt Fjøsstell

Regi: Mari Elise Haugen
Av: Hulda Garborg
Omarbeidd av: Olaug Nilssen og Noregs Ungdomslag
Dramatisert av: Axel Hellstenius
Premiere: 30.11
Framsyningar: 01.12, 02.12, 03.12, 04.12 og 05.12.
Lys og lyd: Jøran Normann, Terje Svindseth og Henri Aasen
Tal på besøkande: 155

Kva skjer når den yngre garde kjem heim frå byen og vil revolusjonere gardsdrifta? Kva skjer når nye tankar og idear, som ferskt kjøt og smekker med nynorsksitat, kolliderer med det historiske og tradisjonelle?

I høve Bondeungdomslaget sitt 125 års jubileum satte Teaterlaget opp Hulda Garborg sin klassikar. Både med Garborg sitt originalmanus og i ny drakt omarbeidd av Olaug Nilssen. Publikum fekk sjå begge versjonane - og fekk sjå korleis historia og tematikken både utvikla og gjentok seg.

Skodespelarar:

Rasjonelt fjøsstell (1896)

Lars Bøan: Henri Aasen

Anne, kona hans: Anne Cathrine Johansen

Inger, dotter deira: Sunniva Vikøren

Utstu-Gamla: Marie Nicolaisen

Tore, son hennar: Emil Stenstad

Jens Pedersen, seminarist og kontorist hos lensmannen : Kjell Åsmund Sunde

Rasjonelt fjøsstell (2021)

Anne Bøan: Vivian Brattsti Sørensen

Lars, mannen hennar: Håvard Thorsby

Ingar, sonen deira: Endre Flatmo

Sissel Utstu: Amalie Dalaker

Svein Utstu: Terje Svindseth

Tora Utstu, dotter deira: Silje Dahl

Janne Pedersen, surfedame med internettjobb: Eileen Røsholt

3.3 Annan aktivitet

- Teaterlaget gjennomførte årsmøte 4. mars
- Teaterlaget deltok i og kom på første plass i Noregs Ungdomslag si kunnskapstevling «Kven veit?»
- Fleire medlemmar vitja Edinburgh Fringe Festival i august
- Medlemmar frå Teaterlaget deltok på felles dugnad med dei andre laga i BUL 21. august
- «Natt på BUL: Ungdomsmøte»: Fleire medlemmar i laget var med på framsyninga som blei jobba fram i anledning BUL sitt 125-årsjubileum. Framsyninga blei vist som ein del av Oslo Kulturnatt, 13. september.
- Mange medlemmer i Teaterlaget deltok på BUL sin jubileumsfest 12. oktober. Både som deltakarar og med underhaldningsinnslag og tale.

4. Representasjonar og andre verv

4.1 Representasjonar

20. mars, Årsmøte i BUL Oslo: Endre Flatmo, Håvard Thorsby og Eileen Røsholt.

20.-21. april, Landsmøtet i Noregs Ungdomslag: Vivian Brattsti Sørensen

27. april, Årsmøte i Det Norske Teatret: Endre Flatmo (røystande utsending), Silje Dahl, Håvard Thorsby og Lena Reksnes Sanne deltok som utsendingar for Teaterlaget.

4.2 Andre verv

- Anne Cathrine Johansen: Nestleiar i BUL Oslo, medlem av bunadnemnda, styremedlem i bondehytta og rådsleiar i Norsk Barneblad.
- Marie Nicolaisen: Medlem av målnemnda, valnemnda i BUL Oslo og målpolitisk råd på Det Norske Teatret.
- Terje Svindseth: Organisatorisk nestleier, Noregs Ungdomslag
- Håvard Thorsby: Valnemnda i BUL Oslo og 2. varamedlem til Rådet, BUL Oslo
- Vivian Brattsti Sørensen: Medlem av Rådet, BUL Oslo
- Mari Elise Haugen: Varamedlem til styret i Norsk Barneblad.

5. Takk

Teaterlaget ønsker å takke for eit godt samarbeid med Lagskontoret, og for all god hjelp. Takk til Studieforbundet Kultur og Tradisjon, Kulturdirektoratet og BUL Oslo for stønad til aktiviteten i 2024.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet tek årsmeldinga til orientering.

Vedtak:

Teke til orientering av årsmøtet.